



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE



Oppgåvedeling i Sogn og Fjordane

Rapport frå ei faggruppe oppnemnd av KS og fylkestinget i Sogn og Fjordane

12. november 2015



Oppgåveprosjektet 2015

Den føreliggjande rapporten er utarbeidd av ei faggruppe oppnemnd av KS og fylkestinget i Sogn og Fjordane. Rapporten skisserer ei muleg oppgåvedeling mellom staten og kommunesektoren, samt innanfor kommunesektoren, i fylket. Rapporten syner også statlege verksemder sine synspunkt på ulike sider ved utflytting og etablering av statlege arbeidsplassar i Sogn og Fjordane.

Det er ei målsetting at arbeidet skal medverke til auka merksemd mot oppgåvedebatten i kommune- og regionreforma, og gje grunnlag for mulege innspel til statlege styresmakter.

Faggruppa har vore samansett slik:

- Tore Eriksen, fylkesrådmann i Sogn og Fjordane (leiar)
- Terje Heggheim, rådmann i Flora, leiar i rådmannsutvalet i fylket
- Håkon Loftheim, rådmann i Askvoll, utpeikt blant rådmennene i HAFS-regionråd
- Alf Olsen, rådmann i Lærdal, utpeikt blant rådmennene i Sogn Regionråd
- Per Kristian Storevik, rådmann i Stryn, utpeikt blant rådmennene i Nordfjordrådet
- Børge Tvedt, rådmann i Jølster, utpeikt blant rådmennene i SIS-kommunane

Faggruppa rettar ein takk til leiingane ved dei offentlege fag- og kompetansemiljøa som har stilt opp med synspunkt, erfaringar og innspel til delen som omhandlar statlege arbeidsplassar i fylket (del 2).

Forord

Ein føremålstenleg forvaltningsstruktur og ei ryddig oppgåvedeling mellom dei folkevalde nivåa er ein føresetnad for eit funksjonelt og effektivt styringssystem. Debatten om den framtidige innretninga av det norske forvaltningssystemet har hatt stor merksemd gjennom fleire tiår, og ei kommune- og regionreform er i gang over heile landet. Denne rapporten er eit innspel til oppgåvediskusjonen i kommune- og regionreforma i fylket vårt. I den grad rapporten har interesse utover dette ser vi positivt på det.

Del 1 i rapporten syner faggruppa si utgreiing omkring ei muleg oppgåvedeling mellom staten og kommunesektoren samt innanfor kommunesektoren i fylket.

Del 2 syner faggruppa si kartlegging av potensiale og mulegheiter som utvalde regionale statlege etatar ser for framtidig utvikling og vekst.

Faggruppa legg til grunn at det er fleirtal på Stortinget for at vi også i framtida skal ha tre folkevalde nivå, men at oppgåvedelinga mellom nivåa, samt kommune- og regiongrensene, «er i spel». Kommunane skal gjere egne vedtak knytt til ev. samanslåingar innan 01.07.2016. Fylkeskommunane er oppmoda om å gjere tilsvarende vedtak hausten 2016. Regjeringa tek sikte på å leggje fram forslag til ein ny kommune- og regionstruktur for Stortinget våren 2017. Samanslåingar som vert vedtekne av Stortinget skal tre i kraft 01.01.2020. Den politiske samansetjinga i dei nye einingane vert bestemt gjennom kommune- og fylkestingsvalet hausten 2019. Køyreplanen som er skissert dannar rammeverket for prosessen vidare, og faggruppa meiner oppgåvestrukturen og –fordelinga bør utgjere sentrale element i drøftingar og vedtak omkring framtidige samarbeidsløysingar og kommunegrenser.

I rapporten sin andre del konsentrerer faggruppa seg om utviklinga og mulegheiter innanfor statlege fag- og kompetansemiljø i fylket. Ei geografisk fordeling av statlege arbeidsplassar medverkar til å spreie makt, byggje kompetansemiljø og leggje til rette for livskraftige lokalsamfunn. Interessante fagmiljø i distrikta er avgjerande dersom vi skal sikre tilflytting av unge og utvikling av regionane. Utflytting og etablering av statlege arbeidsplassar i distrikta vil samstundes tene storbyane, ved at det bidreg til å redusere presset som tilflytting og sentralisering skaper. Denne delen av rapporten er via ei kartlegging av mulegheiter og potensiale som utvalde regionale statlege etatar ser for framtidig utvikling og vekst i fylket.

Faggruppa har nytta ein ekstern sekretærressurs til arbeidet med del 1, medan det til del 2 er nytta ein sekretærressurs frå fylkesrådmannen sin stab. Sekretæranne har delteke på alle møta, og det har slik sett vore eit nært og godt samarbeid mellom faggruppa og eit felles sekretariat.

Del 1 er utarbeidd på bokmål medan del 2 er skriven på nynorsk.

Sogn og Fjordane, 12. november 2015

Tore Eriksen, leiar

Terje Heggheim

Håkon Loftheim

Alf Olsen

Per Kristian Storevik

Børge Tvedt

Innhald

Oppgåveprosjektet 2015.....	i
Forord.....	ii
Innhald.....	iii
Samandrag.....	5
Innleiing.....	12
Mandat og organisering	12
Metode: Nasjonale utgreiingar og meldingar som grunnlag	13
Føresetnader for faggruppa sine vurderingar	13
– DEL 1 –	14
1. Formål, mandat og prinsipper	14
1.1 Bakgrunn og hensikt med arbeidet	14
2. Faggruppas tilnærming.....	15
2.1 Generalistprinsippet.....	15
2.2 Oppgavemeny	15
2.3 Folkestyre	16
2.4 Forutsetninger for oppgaveløsningen	16
2.5 Kriterier for vurdering av de enkelte oppgaver.....	17
2.6 Fremtidige kommuner i Sogn og Fjordane – alternative størrelser	18
2.7 Fylkeskommunale/regionale oppgaver	20
3. Oppgaver til kommunene.....	21
3.1 Tannhelsetjenesten	21
3.2 Rehabilitering	23
3.3 Hjelpemidler	25
3.4 Boliger	28
3.5 NAV og arbeidsrettede tiltak.....	29
3.6 NAV.....	31
3.7 Barnevern (BUF-etat)	32
3.8 Familievern.....	36
3.9 Tilskudd til frivilligsentraler	38
3.10 Kultur	39
3.11 Utmarksforvaltning og lokalt miljøvern	40
3.12 Meld.st. 14 (2014-15) Konesjonsbehandling av småkraftverk	42
3.13 Lokal nærings- og samfunnsutvikling	43
3.14 Fylkesveger	45
3.15 Oppgaver som ikke er drøftet i rapporten	46
4. Fylkeskommunen – regionalt folkevalgt nivå.....	47
4.1 Overordnede rammer – St.meld. 14 (2014-15).....	47
4.2 Innst.st. 333 S (2014-15).....	48
4.3 KS.....	48
4.4 Statens vegregioner – fagadministrasjon.....	50
4.5 Kultur og kunststøtte.....	51
4.6 Regionale miljøvernoppgaver	53
4.7 Landbruk og bygdeutvikling	54

4.8 Forvaltning av naturressurser	56
4.9 Forskning	57
4.10 Forvaltningen av prosjekt- og prosjektskjønnsmidler	59
4.11 Barnevern	60
4.12 Integrering, mangfold og bosetting.....	60
5. Faggruppas tilråding.....	62
5.1 Oppgaver til kommunene.....	62
5.2 Oppgaver til regionalt folkevalgt nivå	62
6. Fremdrift for oppgavene	63
– DEL 2 –	65
1. Statlege fag- og kompetansemiljø – utvalde verksemder.....	65
1.1 Desentralisering av statlege funksjonar og arbeidsplassar	65
1.2 Offentlege institusjonar og verksemder – utvalde verksemder.....	65
2. Synspunkt frå statlege fag- og kompetansemiljø: Nedanfrå-og-opp	68
2.1 Rekrutteringssituasjonen – rammevilkår og erfaringar	68
2.2 Nye oppgåver, tenester og funksjonar under utvikling – nokre døme	70
2.3 Utflytting av oppgåver og aktuelle endringsgrep som fagetatane kjenner til	72
2.4 Delt lokalisering – ein framtidsstrategi?	73
2.5 Strategiar i arbeidet med nye statlege arbeidsplassar til fylket.....	74
2.6 Framlegg om andre funksjonar, arbeidsplassar og utgreiingsområde.....	75
2.7 Fylkesmannen – rolle og struktur.....	75
3. Utflytting og etablering av statlege arbeidsplassar i distrikta.....	78
3.1 Generelle signal.....	78
3.2 Den danske strukturreforma: – <i>Det går altså an!</i>	78
4. Faggruppa si tilråding	80
4.1 Tilråding i 10 punkt.....	80
4.2 Oversiktstabell: Stikkord, observasjonar og hovudfunn	82
Vedlegg 1: Sogn og Fjordane sin del av statlege arbeidsplassar	84
Vedlegg 2: Retningslinjer for lokalisering av statlege arbeidsplassar	84

Samandrag

Faggruppe for forvaltningspolitiske vurderingar

Denne rapporten er utarbeidd av ei faggruppe oppnemnd etter vedtak i KS sitt hovudstyre og fylkestinget. Faggruppa skisserer i rapporten ei muleg oppgåvedeling mellom staten og kommunesektoren samt innanfor kommunesektoren i fylket. Rapporten syner også statlege etatar sine synspunkt på ulike sider ved utflytting og etablering av statlege arbeidsplassar til Sogn og Fjordane. Det er ei målsetting at arbeidet skal medverke til auka merksemd mot oppgåvedebatten i kommune- og regionreforma, og at rapporten skal gje grunnlag for muleg innspel til statlege styresmakter.

Faggruppa har vore samansett slik:

- Tore Eriksen, fylkesrådmann i Sogn og Fjordane
- Terje Heggheim, rådmann i Flora, leiar i rådmannsutvalet i fylket
- Håkon Loftheim, rådmann i Askvoll, utpeikt blant rådmennene i HAFS-regionråd
- Alf Olsen, rådmann i Lærdal, utpeikt blant rådmennene i Sogn Regionråd
- Per Kristian Storevik, rådmann i Stryn, utpeikt blant rådmennene i Nordfjorderrådet
- Børge Tvedt, rådmann i Jølster, utpeikt blant rådmennene i SIS-kommunane

Det er fleirtal på Stortinget for at vi også i framtida skal ha tre folkevalde nivå, men oppgåvedeling mellom nivåa, samt kommune- og regiongrensene, er no oppe til vurdering. Kommunane skal gjere eigne vedtak knytt til ev. samanslåingar innan 01.07.2016. Fylkeskommunane er oppmoda om å gjere tilsvarende vedtak seinast hausten 2016. Regjeringa tek sikte på å leggje fram forslag til ein ny kommune- og regionstruktur for Stortinget våren 2017. Samanslåingar som vert vedtekne av Stortinget skal tre i kraft 01.01.2020. Den politiske samansetjinga i dei nye einingane vert bestemt gjennom det neste kommune- og fylkestingsvalet hausten 2019. Køyreplanen som er skissert dannar rammeverket for prosessen vidare. Faggruppa meiner oppgåvestrukturen og –fordelinga bør utgjere det sentrale elementet i drøftingane og vedtaka om framtidige samarbeidsløysingar og kommunegrenser.

Mandat og organisering

Føremålet med faggruppa sitt arbeid har vore å vurdere kva for oppgåver, funksjonar, tenester og ansvar kommunesektoren i Sogn og Fjordane kan ta på seg gjennom kommune- og regionreformarbeidet. I tillegg har faggruppa gjennom del 2 sondert og vurdert i kva grad nokre av dei sterke statlege fag- og kompetansmiljøa i fylket kan ta på seg større oppgåver, anten ved at dei sjølve initierer etablering av nye oppgåver og tenester eller ved at det frå statleg hald vert flytta nasjonale, statlege oppgåver til fylket.

St.meld. 14 (2014-2015) *Kommunereforma - nye oppgåver til større kommunar* baserer seg dels på det såkalla *Ekspertutvalet* sine vurderingar om oppgåvefordelinga i ein modernisert forvaltningsstruktur. Utvalet leverte i desember 2014 eit framlegg til kriterium for oppgåveløysinga i kommunane. Fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet vedtok hausten 2013 at ei arbeidsgruppe frå fylkesrådmannskollegiet skulle få i oppgåve å vurdere korleis noverande fylkeskommunale oppgåver best kan forvaltast i ein framtidig heilskapleg struktur i kommunal sektor. Arbeidsgruppa fekk også i oppdrag å vurdere kva for statlege oppgåver som kan overførast til folkevalt nivå, samt kva for kommunale oppgåver som kan krevje eit innbyggargrunnlag utover noverande kommunegrenser.

I lys av stortingsmeldinga, regjeringa sitt ekspertutval og fylkesordførar-/rådsleiarkollegiet sitt arbeid, har faggruppa vurdert ei muleg oppgåvefordeling i fylket basert på kommunesektoren sine eigne premisser.

For fylkeskommunen sin del vart det i mandatet slege fast at gruppa skulle ta utgangspunkt i dagens fylkeskommune, sjølv om denne på eit seinare tidspunkt kan bli innlemma i ei større regional eining. For kommunane sin del skulle ein sjå nærare på alternative løysingar (få/mange kommunar). Det er lagt til grunn at faggruppa sitt arbeid skulle ferdigstillast innan utgangen av 2015.

Faggruppa har tolka del 2 i arbeidet slik at det har vore naturleg å avgrense oppdraget til ei sondering av nokre sterke statlege fag- og kompetansemiljø i fylket, med tanke på om desse i dag ser eit potensiale for å ta på seg nye og større oppgåver. Faggruppa har i denne delen etterspurt synspunkt på dagens rekrutteringssituasjon, deira eigne ønske om nye og større fagoppgåver samt kjennskapen deira til sentrale planar for utflytting og/eller etablering av nye statlege oppgåver i Sogn og Fjordane.

Generalistkommuneprinsippet

Faggruppa understrekar i rapporten at generalistkommuneprinsippet ligg til grunn for vurderingane som er gjort om oppgåvefordelinga i ein modernisert kommune- og regionstruktur. Alle kommunar og fylkeskommunar (regionar) skal, uavhengig av innbyggartal, busetnadsstruktur og andre geografiske og demografiske forhold, imøtekome same krava til tenester, planleggings- og utviklingsoppgåver, rolla som myndigheitsutøvar og ivaretaking av demokratiske funksjonar. Reforma gjev såleis dei same rammene for organisering og styring i heile kommunesektoren. Faggruppa meiner ei einskapleg oppgåvefordeling bidreg til eit likeverdig lokalt sjølvstyre i alle delar av landet, og samstundes til ei oversiktleg offentleg forvaltning for innbyggjarane – noko som er ein premiss for lokaldemokratiet.

Demokratireform

Faggruppa peikar på at kommune- og regionreforma i følgje Stortinget skal vere ei demokratireform. Regjeringa ønskjer å flytte makt og ansvar til større kommunar, og legg til grunn at lokalpolitikarane og kommunane må få tillit og handlingsrom. Faggruppa meiner på prinsipielt grunnlag at alle oppgåver med unnatak av tilsyns-, klage-, kontroll- og beredkapsoppgåver bør liggje til eit folkevalt nivå. Dette synet samsvarer med vedtaket i KS sitt hovudstyre frå 12.12.2014, *Plattform for regionalt folkestyre*. Også fleirtalet i Kommunal- og forvaltningskomiteen gjekk i Innst. 333 S (2014-2015) inn for at den regionale stat/fylkesmannen i utgangspunktet skal ha ansvar for tilsyn, kontroll og beredskap samt rettleiingsoppgåver. Faggruppa meiner «oppgåvemenyen» i St.meld. 14 (2014-2015) ikkje har teke ut potensialet for overføring av oppgåver til kommunane og fylkeskommunane. Regjeringa har heller ikkje i tilstrekkeleg grad teke initiativ til ei oppmjuking av statlege styringssignal, hevdar faggruppa.

Kriterium og føresetnader for oppgåveløysinga

To hovudkriterium legg grunnlaget for faggruppa si vurdering omkring nye oppgåver til kommunane og det regionale folkevalde nivået. Faggruppa drøftar oppgåvene i lys av kva *innbyggargrunnlag* som er nødvendig for at desse skal kunne utførast på ein føremålstenleg og effektiv måte. Dette inneber at kommunane og det regionale folkevalde nivået bør ha eit innbyggartal som gjer at dei økonomisk, fagleg og kapasitetsmessig kan ivareta oppgåva. Vidare drøftar faggruppa oppgåvene i lys av om kommunane eller regionnivået sin *arealmessige storleik* er føremålstenleg som utgangspunkt for å ivareta oppgåva.

Faggruppa legg elles til grunn at nivået som skal ha ansvaret for ei oppgåve må ha kompetanse, kapasitet og fagmiljø til å ivareta oppgåva slik at kvalitet, profesjonalitet og rettstryggleik vert ivareteke fullt ut. Nivået bør vidare ha økonomiske føresetnader for å kunne ivareta både nyinvesteringar, vedlikehald og drift knytt til den aktuelle oppgåveløysinga. Dette gjev ein tilstrekkeleg fridom til å realisere det lokale eller regionale fellesskapet sine målsettingar og interesser. Ein bør også ha eit heilskapsansvar som inneber eigarskap, finansieringsansvar og fagadministrasjon for oppgåveløysinga.

Framtidige kommunar i Sogn og Fjordane – ulike alternativ

Faggruppa ser føre seg ulike utfall av kommune- og regionreforma. Vi kan ende ut med ei radikal reform ned mot 100 kommunar, ein framtidig kommunestruktur i storleiken 300 kommunar eller berre mindre justeringar. Mot denne bakgrunnen meiner faggruppa det er nødvendig å ta utgangspunkt i eit relativt breitt mulegheitsrom for utfallet av reforma for Sogn og Fjordane sin del – både når det gjeld storleik på nye kommunar og skilnadane mellom dei. Faggruppa legg følgjande alternative innbyggjarstorleikar til grunn for ein ev. ny kommunestruktur i fylket:

- 5000 eller færre innbyggjarar
- 10 000 innbyggjarar
- 15-20 000 innbyggjarar
- Opp mot 50 000 innbyggjarar

Dersom kommunar med 15-20 000 eller 50 000 innbyggjarar vert bestemmande for oppgåvefordelinga, vil kommunar som ikkje kjem opp i denne storleiken, som ein konsekvens av generalistkommuneprinsippet, måtte ivareta oppgåvene gjennom interkommunale samarbeidsløysingar. Dersom dei minste kommunane etter kommune- og regionreforma vert bestemmande for oppgåvefordelinga, vil ein konsekvens kunne vere at dei største kommunane ikkje får fleire oppgåver sjølv om dei vil vere i stand til dette.

Faggruppa si tilråding: Oppgåver til kommunane

I gjennomgangen av nye aktuelle oppgåver til kommunane har faggruppa prioritert å sjå nærare på oppgåver av ein viss storleik og som gruppa vurderer som politisk interessante og relevante for lokalpolitikarane å engasjere seg i. Tabellen under syner faggruppa sine hovudtilrådingar. Kryssa illustrerer kva for eit innbyggjartal faggruppa meiner er naudsynt for at det lokale folkevalde nivået skal kunne overta heile eller delar av oppgåva:

Oppgåve	Minimum kommunestorleik			
	50000	15-20 000	10 000	< 5000
Den ålmenne tannhelsetenesta	X			
Rehabilitering		X		
Hjelpemidlar		X		
Bustadar				X
NAV - arbeidsretta tiltak				X
Barnevern tillagt BUF-etat	X			
Familievern		X		
Frivilligsentralar				X
Kultur				X
Natur-, miljø- og ressursforvaltning		X ¹		
Konsesjonar for småkraftverk				X
Lokal næringsutvikling		X		
Mindre fylkesvegar				X

¹ Kommunar med eit lægre innbyggjartal bør kunne overta oppgåvene t.d. ved eit betydeleg samanfall med utmarks- og verneområdeforvaltninga, og/eller dersom verneutfordringane i kommunen er store.

Faggruppa rår i sin gjennomgang til at følgjande oppgåver kan leggjast til kommunane:

- Den ålmenne tannhelsetenesta krev eit innbyggargrunnlag på min. 50 000 for å kunne ivareta eit fagmiljø med kompletterande kompetanse. Innbyggargrunnlaget for spesialiserte tannhelsetenester og ansvarsforholda knytt til dei fem regionale odontologiske kompetansesentra må vurderast nærare.
- Rehabilitering: Faggruppa meiner eit større kommunalt ansvar for rehabiliteringstilbodet vil gje eit meir heilskapleg ansvar overfor brukarane, og meiner dette bør greiast nærare ut. Gruppa anslår at oppgåva krev eit innbyggartal på min. 15-20 000 for å vere effektivt ivareteken.
- Hjelpemidlar: Faggruppa meiner det er uklart kva for deler av hjelpemiddeltjenestene som skal overførast til kommunane. Innbyggargrunnlag må vurderast i lys av oppgåvene som vert føreslegne.
- Bustadområdet kan ivaretakast av noverande kommunar. Det bør ikkje vere ein premiss at oppgåvene vert lovfesta ytterlegare, då kommunane sjølve «kjenner kvar skoen trykker» og set i verk tiltak utifrå brukarane sine behov.
- NAV sine arbeidsretta tiltak: Kommunane bør overta ansvaret for varig tilrettelagt arbeid i skjerma verksemder med arbeidsoppgåver tilpassa den enkelte si yteevne (VTA) og tiltak som vert gjevne gjennom enkeltplassar i ordinære verksemder (VTO). Kommunane har alt i dag eit betydeleg ansvar for denne brukargruppa, og bør få dette ansvaret fullt ut sjølv utan endringar i kommunestrukturen.
- NAV-kontora sitt ansvar for personar som har overgang til den vanlege arbeidsmarknaden bør også gjevast til kommunane. Eit kommunalt ansvar for alle verkemiddel for gjennomføring av arbeidslinja vil sikre eit heilskapleg og samordna tenestetilbod.
- Barnevern: Større kommunar bør overta ansvaret for sentrale deler av barnevernstenesta. Særleg aktuelle her er oppgåvene knytt til hjelpetiltak i heimen og fosterheimstilbodet. Faggruppa meiner eit større ansvar for barnevernstenesta vil krevje kommunar i storleiken opp mot 50 000 innbyggjarar.
- Familieverntenesta er nært knytt til kommunane sitt ansvar innanfor sosial, barnevern og andre omsorgstenester. Kommunar med ein storleik på 15-20 000 innbyggjarar bør overta desse oppgåvene.
- Frivilligsentralane og tilskota til desse bør overførast til kommunane. Overtaking av ansvaret krev, slik faggruppa ser det, ikkje endringar i kommunestrukturen. Oppgåvene bør finansierast gjennom rammetilskotet og ikkje gjennom øyremerking.
- Kulturområdet: Kommunane bør få overført eit ansvar for å forvalte tilskotsordningar knytt til kulturarrangement, festivalar m.m. som er av lokal karakter. Noverande institusjonar og festivalar bør vurderast med omsyn til krav til innbyggargrunnlag og nedslagsfelt i høve overføring til kommunenivået eller til det regionale folkevalde nivået.
- Natur-, miljø- og ressursforvaltning: Oppgåver knytt til utmarksforvaltninga kan overførast kommunar i storleiken min. 15-20 000 innbyggjarar. Også kommunar med eit lågare innbyggartal kan overta desse oppgåvene, t.d. ved eit betydeleg samanfall mellom utmarks- og verneområdeforvaltninga, eller om verneutfordringane i kommunen er særleg store.
- Kraftkonsesjonar: Kommunane kan overta ansvaret for å tildele konsesjonar til småkraftverk under 1 MW. Saksbehandlinga bør sjåast i samanheng med ansvarsområde som arealforvaltning, miljøpolitikk og næringsutvikling. Faggruppa meiner noverande kommunar kan ivareta denne oppgåva.
- Næringsutvikling: Kommunar med min. 15 000-20 000 innbyggjarar vil kunne leggje til rette for lokalt næringsliv og avgjere søknader om mindre økonomiske tilskot til lokale bedrifter og etablerarar.
- Mindre fylkesvegar: Kommunane bør overta eigarskapen til aktuelle noverande fylkeskommunale vegar uavhengig av innbyggargrunnlag.

Stortinget si opning for å overføre kollektivtransport og vidaregåande opplæring (gjennom forsøk) til større bykommunar vert ikkje sett på som aktuelle i Sogn og Fjordane.

Faggruppa si tilråding: Oppgåver til det regionale folkevalde nivået

Tilsvarande som for kommunane, har faggruppa vurdert nye regionale oppgåver i lys av om nivået har eit innbyggargrunnlag og ein føremålstenleg geografi og funksjonalitet til å ivareta desse. Tabellen under syner hovudtilrådingane frå gruppa, og kryssa illustrerer kva for eit innbyggartal faggruppa meiner er føremålstenleg for at det regionale folkevalde nivået skal kunne overta heile eller delar av oppgåva:

Oppgåve	Regionstorleik	
	Større regionar tilnærma landsdelane	Fylkeskommunane
Statens vegvesen (regionvegkontor)	X	
Kultur		X
Den regionale miljøvernforvaltninga ²		X
Den regionale landbruksforvaltninga ³		X
Naturressursforvaltning		X
Forsking		X
Prosjekt og prosjektskjønsmidlar		X
Statleg barnevern (BUF-etat)		X
Integrering, mangfald og busetjing		X

Faggruppa rår i sin gjennomgang til at følgjande oppgåver kan leggjast til eit regionalt folkevalt nivå:

- **Statens vegvesen (regionvegkontor):** Vegavdelingane (fylkesavdelingane) i Statens vegvesen sine regionvegkontor kan overførast til noverande fylkeskommunar. Oppgåvene og funksjonane har fylka som geografisk nedslagsfelt, og krev ikkje auka innbyggargrunnlag. Dersom regionale folkevalde regionar blir vesentleg større, bør også fagadministrasjonane i vegregionane, som i dag arbeider med regionale vegar, overførast til det regionale nivået.
- **Kultur:** Musea, Opera Nordfjord, Sogn og Fjordane teater og diverse tilskotsordningar til arrangement og institusjonar er døme på oppgåver der fylkeskommunen bør få eit heilskapleg ansvar. Faggruppa meiner samstundes at kommunar med min. 15-20 000 innbyggjarar kan få overført ansvar frå staten til å forvalte tilskot til lokalt kulturliv, arrangement og festivalar som er av lokal karakter.
- **Regional miljøvernforvaltning:** Kommunar på 15-20 000 innbyggjarar bør få overført oppgåver innan utmark- og miljøforvaltninga. Også kommunar med eit lågare tal innbyggjarar bør kunne overta slike oppgåver, t.d. ved eit betydeleg samanfall med utmarks- og verneområdeforvaltninga. Fleire oppgåver til kommunesektoren vil medverke til å integrere og tilpasse miljøvernet i høve til anna regional og lokal utvikling, samferdsle, kulturminne, planlegging og arealforvaltning.
- **Regional landbruksforvaltning:** Faggruppa støttar fylkesordførarkollegiet i synet på at fylkeskommunen kan overta oppgåver knytt til landbruk og bygdeutvikling som i dag ligg til Fylkesmannen, med unnatak av kontroll-, tilsyns- og klagesaker. Gruppa viser elles til at kommunar med 15-20 000 innbyggjarar kan få eit større ansvar for nærings- og bygdeutvikling.
- **Naturressursforvaltning:** Folkevalde regionar bør ivareta ansvaret for forvaltning av mineralske ressursar og tildele konsesjonar til vind- og vasskraftverk som det ikkje er naturleg å leggje til

² Med unnatak av klage, kontroll og tilsynsoppgåver.

³ Med unnatak av klage, kontroll og tilsynsoppgåver.

kommunane, t.d. småkraftverk mellom 1-10 MW. Det regionale nivået bør samarbeide med kommunane for å ivareta kystsonoplanlegginga.

- Forskning: Det regionale folkevalde nivået bør få større innverknad i nasjonale forskingsprogram, t.d. knytt til korleis VRI-programmet (verkemidlar for regional innovasjon og FoU) kan førast vidare etter 01.01.2017. Forskringsrådet sin nye regionale strategi frå 2017 bør leggje opp til eit utstrekt samarbeid med aktørar på regionalt nivå for å sikre regional forankring og regionalt ansvar.
- Prosjekt- og prosjektskjønsmidlar: Forvaltninga av prosjektskjønsmidlar og andre prosjektmidlar bør overførast til regionalt folkevalt nivå, som bør ha ansvaret for å tilpasse tildelingar i tråd med lokale behov, regionale forhold og i samsvar med nasjonale føringar. Midlane bør fordelast ut frå nasjonale vurderingar, tilsvarande overføringa av KMD-midlar til fylkeskommunane retta mot regional utvikling.
- Statleg barnevern (BUF-etat): Regionalt folkevalt nivå bør overta oppgåver som ikkje kan leggjast til kommunen, slik situasjonen var før 2004. Fylkeskommunane og kommunane har alt i dag eit nært samarbeid innan oppgåveområde som vil kunne vidareutviklast med ei ny arbeidsdeling på området. Overføring av ansvar som i dag ligg til BUF-etat må medføre at stillingsressursar og fagkompetanse følgjer med til det nivået som overtek oppgåvene.
- Integrering, mangfald og busetjing: Faggruppa viser her til sitt framlegg om at det vert oppretta eit nasjonalt kompetansesenter for busetjing og integrering i Sogn og Fjordane. Faggruppa peiker på at Flora kommune alt i dag har etablert dette som eige satsingsområde, og bør vere ein aktuell lokalisingsstad for ein slik nasjonal funksjon. Faggruppa meiner i tillegg det er relevant å vurdere om regionalt folkevalt nivå bør få eit tydeleg ansvar for integrering, mangfald og busetjing, og slik ivareta løpande rettleiing, dialog og sektorovergripande arbeid overfor kommunane. Faggruppa føreslær at dette vert sett nærare på i ei offentleg utgreiing omkring korleis eit regionalt folkevalt nivå kan overta oppgåver som IMDi har i dag. I eit slikt utgreiingsarbeid bør erfaringane frå forsøka i fylkesmannsembeta i Hordaland og Østfold også vurderast nærare.

Statlege fag- og kompetansemiljø – tilnærming til del 2

Faggruppa sitt hovudstandpunkt er at ei geografisk fordeling av statlege arbeidsplassar medverkar til å spreie makt, byggje kompetansemiljø og leggje til rette for livskraftige lokalsamfunn. Interessante fagmiljø i distrikta er avgjerande dersom vi skal sikre tilflytting av unge og utvikling i regionane. Desentralisering av statlege funksjonar og arbeidsplassar er viktig for landet si samla verdiskaping, ved at ressursane i heile landet vert nytta. Utflytting og etablering av statlege arbeidsplassar til distrikta vil samstundes kunne tene storbyane, ved at det bidreg til å redusere presset som tilflytting og sentralisering skaper.

Faggruppa si tilråding: Utvikling og vekst for statlege fag- og kompetansemiljø

Faggruppa ønskjer å gjere politiske aktørar på kommunalt og fylkeskommunalt nivå merksame på utviklingsmulegheitene dei ser for etablering av nye offentlege arbeidsplassar, og har følgjande tilråding basert på sonderingane mot nokre statlege fag- og kompetansemiljø i fylket:

1. Faggruppa rår til at det både på politisk og administrativ side i fylket er høg bevisstheit i høve konkrete vekst- og utviklingsinitiativ frå fag- og kompetansemiljøa i tida framover. Døma på konkrete initiativ som gjennom kartlegginga er synleggjort bør følgjast nærare opp.
2. Det bør opprettast eit «Nasjonalt kompetansesenter for busetnad og integrering» i Sogn og Fjordane. Senteret bør sjå mangfaldet av utfordringar som distrikt og regionar opplever, og medverke til at staten tydeleg får definert behov og utfordringar knytt til busetnad og integrering i sentra og distrikta i Noreg. Senteret må også finne fram til ei føremålstenleg og utfyllande arbeidsdeling mot

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi). Flora kommune har alt etablert dette som eit satsingsområde, og bør vere ein aktuell lokaliseringstad for ein slik nasjonal funksjon.

3. Vi bør i Sogn og Fjordane arbeide for at Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) utvidar sin strategiske kunnskap regionalt i tillegg til den kompetansen Fylkesmannen og DSB representerer i dag. Erfaringa frå hendingar siste åra viser at lokal og regional kunnskap er avgjerande når ulukker og katastrofar råkar. Faggruppa meiner potensialet for å utvikle ein samordna og koordinerande funksjon i fylket, som gjerne også kan styre ein større region, bør greiast nærare ut.
4. Faggruppa meiner det bør arbeidast for ei snarleg etablering av eit større nasjonalt fengsel i Sogn og Fjordane. Kriminalomsorga opplever i periodar soningskøar, og det vert i dag kjøpt soningsplassar i utlandet for å ta unna ventelistene.
5. Faggruppa støttar framlegget om å flytte ut fleire funksjonar som i dag ligg i Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) til Vestlandet. Regionkontoret i Førde opplever ein svært god rekrutteringssituasjon, og fagmiljøet sit nært faktiske utfordringar knytt til skred- og flaumproblematikk slik at ein har utvikla nasjonal spisskompetanse på fleire område.
6. Leiinga ved statlege regionale etatar og verksemder bør primært fokusere på faglege kvalifikasjonar og eigne kompetansefortrinn når dei skal sannsynleggjere etablering av nye oppgåver, tenester og funksjonar i fylket. I dei tilfella der vi snakkar om større, varsla utflyttings-/etablerings-prosessar, vil det ha stor verdi å kople politisk leiing tidleg på desse prosessane.
7. I tillegg til å dokumentere høg fagleg kvalitet som grunnlag for nye eller utflytta statlege arbeidsplassar, bør ein særleg i det politiske arbeidet knytt til utflytting og etablering av statlege arbeidsplassar halde fram reelle argument som syner fylket sine fortrinn: Rimelege husleiger for offentlege verksemder, korte reiseavstandar, god reiseinfrastruktur med eit vel fungerande flyplassnett og utvikla vegsamband, gode oppvekstvilkår for born og unge der vi scorar høgast i landet på velferds- og utviklingsstatistikk.
8. For å imøtekome etterspurde kvalitetar som følgje av større fagmiljø og mulegheiter for fagleg utvikling, er det viktig at kommunar og offentlege verksemder etablerer og synleggjer operative og effektive *fagnettverk*. Tett fagleg samarbeid og felles utviklingsmulegheiter for tilsette kan i stor grad bøte på at fagmiljøa i fylket (i mange tilfelle) er småe kvar for seg.
9. Faggruppa rår til at det vert etablert eit regionalt samarbeidsforum på tvers av forvaltningsnivåa knytt til rekruttering og etablering av robuste fagmiljø. Slikt samarbeid mellom kommunar, regionnivået og regional stat har ein påvist effekt fleire stader.
10. Faggruppa meiner at dersom evalueringa av fylkesmannsembetet nasjonalt kjem fram til at også fylkesmannsembeta bør slåast saman i ein ny regional struktur, bør Fylkesmannen i Sogn og Fjordane få i oppgåve å leie den nye regionale tilsyns-, klage-, kontroll- og beredskapseining for Vestland fylka. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ligg i front nasjonalt i høve å ta i bruk IKT, digitalisering og nye tverrfaglege arbeidsformer, og har i dag ei organisering som inneber delt lokalisering. Andre parallelle statlege sektorreformer, som t.d. politireforma, er gjennomført ved at Sogn og Fjordane har mista regionfunksjonar. Sjølv om ein t.d. etablerer dei nye fylkesmannsembeta innanfor dei same geografiske grensene som ein har nytta for inndelinga i nye politidistrikt, kan den nye regionalstatlege eininga leiast frå ein annan stad i regionen.

Innleiing

Mandat og organisering

Føremålet med faggruppa sitt arbeid har vore å vurdere kva for oppgåver, tenester og ansvar kommunesektoren i Sogn og Fjordane kan ta på seg gjennom kommune- og regionreformarbeidet som er sett i gang. I tillegg har faggruppa sett nærare på i kva grad sterke fag- og kompetansmiljø i fylket kan ta på seg større oppgåver, anten ved at dei sjølv initierer etablering av nye oppgåver og tenester eller ved at det frå statleg hald vert flytta nasjonale, statlege oppgåver til fylket.

Fylkestinget starta gjennom sitt vedtak i sak 05/15 dette utgreiingsarbeidet, og gav ei faggruppe i oppdrag å synleggjere ei muleg oppgåvedeling mellom staten og kommunesektoren. I fylkestinget sitt vedtak frå 10.04.2015 heitte det mellom anna:

- Fylkestinget legg til grunn at utgreiinga vert lagt fram for fylkespolitisk handsaming i løpet av 2015.
- Utgreiinga må ta utgangspunkt i dei sterke fag- og kompetansmiljøa vi har i fylket og korleis desse miljøa kan ta på seg større oppgåver, samt forslag til flytting av nasjonale, statlege oppgåver til Sogn og Fjordane.

Faggruppa vart oppnemnd med grunnlag i FT-vedtaket i sak 05/15, og føregående styrevedtak i KS Sogn og Fjordane. Både fylkestinget og KS si interne handsaming gjennom fylkesstyret og rådmannsutvalet slutta seg til at prosjektet vart formulert slik:

1. Ei faggruppe, samansett av fire rådmenn (ein frå kvart regionråd), leiaren i rådmannsutvalet og fylkesrådmannen, førestår ei utgreiing som viser ei mogleg oppgåvedeling mellom staten og kommunesektoren, og innad i kommunesektoren, her i fylket.
2. Utgreiinga må byggje på generalistprinsippet. Utover dette må ein sjå hen mot likelydande vedtak i fylkesordførarkollegiet 05.12.14 og KS sitt hovudstyre 12.12.14, og mot utgreiingar initiert av fylkesordførarkollegiet (2014) og regjeringa (2014).
3. For fylkeskommunen sin del må ein ta utgangspunkt i dagens fylkeskommune, sjølv om denne på eit seinare tidspunkt kan bli innlemma i ei større regional eining. For kommunane sin del må ein sjå på alternative løysingar (få/mange kommunar).
4. Det vert lagt til grunn at faggruppa sitt arbeid er ferdigstilt innan utgangen av 2015, slik at arbeidet kan underleggjast kommunal- og fylkespolitisk handsaming med tanke på oversending til sentrale styresmakter 1.halvår 2016.

Fylkestinget la i vedtaket vekt på at utgreiinga må ta utgangspunkt i dei sterke fag- og kompetansmiljøa vi har i fylket, og korleis desse miljøa kan ta på seg større oppgåver, samt forslag til flytting av nasjonale, statlege oppgåver til Sogn og Fjordane. Faggruppa har tolka denne delen slik at det har vore naturleg å avgrense oppdraget til ei kartlegging av ein del sterke statlege fag- og kompetansmiljø, med tanke på kven som i dag ser eit potensiale for å ta på seg nye og større oppgåver. Faggruppa har i denne delen kartlagt utvalde statlege etatar, og her etterspurt synspunkt på dagens rekrutteringssituasjon, eigne ønske om nye og større fagoppgåver samt kjennskap til sentrale planar for utflytting og/eller etablering av nye statlege oppgåver i Sogn og Fjordane.

Faggruppa har i hovudsak valt å halde dei to hovuddelane i oppdraget frå kvarandre.

Metode: Nasjonale utgreiingar og meldingar som grunnlag

Faggruppa har valt ei brei tilnærming til oppgåvene som er vurderte. Ved sida av oppgåvene som er presenterte i Meld. St. 14 (2014-2015) *Kommunereforma - nye oppgåver til større kommunar* og Stortinget si handsaming av meldinga, drøftar gruppa oppgåver som er føreslegne overførte til kommunar og fylkeskommunar av KS og i rapportar som er utarbeidde på oppdrag frå fylkesordførar/-rådsleiarkollegiet. Faggruppa sitt utgangspunkt har vore å nytte desse utgreiingane, og fråsegner som nyleg er framlagde nasjonalt, i ei samla vurdering av føremålstenlege oppgåvefordelingsløyisingar. Særleg er utgreiingane initiert av fylkesordførarkollegiet (2014) og regjeringa (2014) i høve oppgåvefordelinga i ein modernisert kommune- og regionstruktur nytta.

Fylkesordførarkollegiet sette i 2014 ned eit utval som skulle vurdere oppgåvefordelinga ved ei kommune- og regionreform. Mandatet for utvalet innebar å vurdere korleis noverande statlege og fylkeskommunale oppgåver best kan forvaltast i ein framtidig heilskapleg struktur i kommunal sektor. Utvalet hadde også i oppdrag å vurdere kommunale oppgåver som kan ha karakter av å krevje eit innbyggargrunnlag utover noverande kommunegrensar.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet sette 3. januar 2014 ned eit ekspertutval som på fritt fagleg grunnlag skulle føreslå kriterium som bør ha innverknad på oppgåveløysinga i kommunane. Utvalet leverte 1. desember same år sluttrapporten «Kriterier for en god kommunestruktur».

Føresetnader for faggruppa sine vurderingar

Faggruppa er positiv til at generalistprinsippet skal vere eit utgangspunkt for kommune- og regionreforma. Alle kommunar og fylkeskommunar (regionar) skal, uavhengig av innbyggartal, busetnadsstruktur og andre demografiske forhold, imøtekome dei same krava til tenester, planleggings- og utviklingsoppgåver, rolla som myndigheitsutøvar og ivaretaking av demokratiske funksjonar. Reforma gjev såleis dei same rammene for organisering og styring i heile kommunesektoren. Einskapleg oppgåvefordeling bidreg til eit likeverdig lokalt sjølvstyre i alle delar av landet, og samstundes til ei oversiktleg offentleg forvaltning for innbyggarane – noko som er ein premiss for lokaldemokratiet. Dette medverkar til mindre sektorisering og færre gråsoner samanlikna med eit differensiert ansvarssystem.

Generalistprinsippet representerer samstundes ei krevjande utfordring når oppgåvedelinga skal vurderast. Føresetnadane for oppgåveløysinga vil vere ulike når vi også i framtida truleg vil ha store demografiske og geografiske skilnader innanfor kommune- og regionstrukturen. Generalistprinsippet kan innebere ei fare for ujamn kvalitet på offentlege tenester grunna ulikskap i kompetanse og lokale ressursar. Føresetnadane for likeverdige tenester kan vere utsette dersom store kommunar blir større og dei minste stagnerer. Faggruppa er særleg medviten denne utfordringa i vurderinga av oppgåveansvaret for kommunane i Sogn og Fjordane.

Gruppa har elles teke utgangspunkt i dagens fylkeskommune, sjølv om denne på eit seinare tidspunkt kan bli innlemma i ei større regional eining. For kommunane sin del har faggruppa vurdert alternative løyisingar, frå få til mange kommunar.

Faggruppa ferdigstiller arbeidet hausten 2015, slik at dette kan leggjast fram for fylkespolitisk handsaming og handsaming i KS Sogn og Fjordane med tanke på ev. påfølgjande oversending til sentrale styresmakter.

1. Formål, mandat og prinsipper

1.1 Bakgrunn og hensikt med arbeidet

Stortinget har sluttet seg til regjeringens forslag om en kommunereform. I forbindelse med reformen la regjeringen frem Meld. St. 14 (2014-2015) Kommunereformen - nye oppgaver til kommunene. Meldingen baserer seg til dels på Ekspertutvalgets vurderinger som ble fremlagt i desember 2014. Regjeringen angir imidlertid ikke minimumskrav til antall innbyggere. I meldingen legger regjeringen generalistkommuneprinsippet til grunn, og videre heter det at regjeringen vil utrede muligheten for å pålegge interkommunalt samarbeid som en løsning hvor geografiske avstander gjør at kommuner ikke kan slå seg sammen. Ved siden av store geografiske avstander vil kommunenes fagkompetanse være en sentral faktor i vurderingen av når det er aktuelt å anvende bestemmelsen. Stortinget behandlet meldingen i juni 2015 og sluttet seg i hovedsak til regjeringens forslag når det gjelder kommunene, med unntak av at Stortinget stemte i mot forslaget om å legge ansvaret for videregående opplæring til store bykommuner.

Stortinget ba i juni 2014 regjeringen gjennomgå oppgavene til det regionale folkevalgte nivået parallelt med arbeidet med å gi flere oppgaver til kommunene. Regjeringen har som følge av Stortingets vedtak igangsatt et arbeid med å vurdere hvordan fylkeskommunene/det regionale folkevalgte nivået kan utvikles. I Meld. St. 14 (2014-2015) heter det at regionalt folkevalgt nivå's rolle som samfunnsutviklere skal utvikles. Stortinget sluttet seg til dette, men la også føringer for det videre arbeidet med reformen, herunder at regjeringen ble bedt om å utrede konkrete oppgaveområder til regionalt folkevalgt nivå og at det skal presentere en melding om nye oppgaver våren 2016.

Sommeren 2015 ble også landets fylkeskommuner bedt om å utrede og vurdere sammenslutninger, og melde tilbake til regjeringen innen høsten 2016.

Det tas sikte på å legge fram en samlet lovproposisjon om nye oppgaver til kommunene og regionalt folkevalgt nivå våren 2017, samtidig med forslag om ny kommune- og regionstruktur. Det er regjeringens mål å gjennomføre kommunereformen og endringer i regionalt folkevalgt nivå samtidig, slik at både nye kommuner og ny regional inndeling kan iverksettes fra 1. januar 2020.

KS, kommunene og bl.a. fylkesordførerkollegiet har i forbindelse med arbeidet utredet og formidlet sine syn og argumenter når det gjelder kommune- og regionreformen og ikke minst forslag og synspunkter på ny oppgavefordeling mellom stat, fylkeskommune og kommune.

I lys av de pågående prosesser nasjonalt, regionalt og lokalt, har man i Sogn og Fjordane tatt initiativ til et prosjekt for å vurdere en mulig oppgavefordeling innad i fylket basert både på statlige vurderinger (2014) og på kommunesektorens egne vurderinger (2014). Til å utføre dette arbeidet er det etablert en egen faggruppe. Faggruppas oppdrag er å presentere forslag og mulighetsrom for senere politisk behandling i kommuner og fylkeskommune. Formålet er altså å lage underlag for hvordan oppgavefordelingen mellom staten, fylkeskommunen og kommunene bør være - i Sogn og Fjordane - slik kommunesektoren selv vurderer det. Ideen er å bruke alle utredningene som nylig er fremlagt – på fylket vårt. Dette kan øke oppmerksomheten mot oppgavesiden i kommune- og regionreformen og dessuten gi grunnlag for interessante innspill til statlige myndigheter.

I den sammenheng skal det poengteres at verken Melding St. 14 (2014-2015) eller den oppfølgende behandlingen i nye meldinger og proposisjoner er hogd i stein. Meldingen er på ulike områder lite konkret og det foreslås videre utredningsarbeid på mange områder. Det er også presentert ideer og muligheter bl.a. fra KS som kan medføre at det skjer endringer og tilpasninger på senere tidspunkt. Foreløpig har det heller ikke blitt stadfestet noe krav til innbyggergrunnlag eller definisjoner av hva som er funksjonelt nok for kommunal eller regional folkevalgt ivaretagelse av oppgaver.

2. Faggruppas tilnærming

2.1 Generalistprinsippet

I tråd med mandatet legges generalistprinsippet til grunn – dvs. at kommuner og fylkeskommunene/regionalt folkevalgt nivå skal ha tilnærmet like oppgaver - både i Sogn og Fjordane og resten av landet. Generalistprinsippet legges også til grunn i Stortingets behandling av Meld. St. 14 (2014-2015) Kommunereformen - nye oppgaver til kommunene, men det åpnes opp for kommunal overtakelse av kollektivtransport og forsøk med videregående opplæring i de største byene i landet.

Generalistprinsippet innebærer at det vil være de minste kommunene og fylkeskommunene som vil være dimensjonerende for hvilke nye oppgaver kommunene kan få i forbindelse med kommunereformen. Imidlertid peker regjeringen i Meld. St. 14 (2014-2015) på at den vil utrede muligheten for å pålegge interkommunalt samarbeid som en løsning hvor geografiske avstander gjør at kommuner ikke kan slå seg sammen. Ved siden av store geografiske avstander, vil kommunenes fagkompetanse være en sentral faktor. Departementet vil også utrede om pålegget skal kunne brukes for å sikre innbyggernes rettssikkerhet i kommunalforvaltningen. Det heter videre i meldingen at den framtidige kommunestrukturen og omfanget av nye oppgaver til kommunene vil kunne avgjøre omfanget av slike pålagte samarbeidsordninger.

2.2 Oppgavemeny

Faggruppa velger en bred tilnærming til oppgaver som vurderes. Ved siden av oppgavene som er presentert i Meld. St. 14 (2014-2015) Kommunereformen - nye oppgaver til kommunene og Stortingets behandling av denne, drøfter gruppa oppgaver som er foreslått overført til kommuner og fylkeskommuner av KS og i rapporter i regi av fylkesordfører/-rådslederkollegiet. Faggruppa vil ha en bredest mulig tilnærming til drøfting av aktuelle oppgaver. En bred tilnærming er i tråd med bakgrunnen og intensjonen med utredningsarbeidet som er å lage underlag for hvordan oppgavefordelingen mellom staten, fylkeskommunen og kommunene bør være - i Sogn og Fjordane - slik kommunesektoren selv vurderer det.

Ved gjennomgang av nye oppgaver til kommunene og fylkeskommunen, har faggruppa prioritert drøftingen av oppgaver av en viss størrelse og betydning, som anses som mest politisk interessante og relevante for kommunene og fylkeskommunen. Det innebærer at oppgavene som er prioritert enten åpner opp for lokalt eller regionalt handlingsrom og politiske skjønnsvurderinger i en lokal og regional sammenheng og/eller at oppgavene naturlig bør ses i sammenheng med allerede kommunale eller fylkeskommunale oppgaver. Stortingets åpning for å overføre kollektivtransport og videregående opplæring (forsøk) til større bykommuner anses ikke aktuelt for Sogn og Fjordanes del.

offentlige virksomheter, inkludert universiteter, høyskoler og forskningsmiljøer. Forskningspolitikk innebærer å legge til rette for drive kunnskapsutvikling og verdiskapning og bør ses i nær sammenheng med mellomnivåets øvrige utviklingsoppgaver. Fylkeskommunene har i den sammenheng ansvaret for regionale forskningsfond gjennom samarbeid i 7 fondsregioner.

Forskningspolitisk utviklingsarbeid krever et visst befolknings- og næringsgrunnlag. I rapporten heter det at erfaringene med regionale fondsregioner har vært en suksess, men vil peke på at større regioner ville redusert behovet for interfylkeskommunalt samarbeid.

De regionale forskningsinstituttene er viktige regionale kompetanseinstitusjoner. Det regionale folkevalgte nivået må kunne ivareta ansvaret for å tilføre instituttene grunnbevilgninger. Større regioner/fylkeskommunale fondsregioner kan ivareta ansvaret for programsatsinger som i dag ivaretas av Forskningsrådet. På denne måten skal forsknings- og innovasjonspolitikken i sterkere grad bli forankret i regionale forutsetninger og behov. Ansvaret for fondsregionene krever innbyggergrunnlag i størrelsesorden minst 300 000 og større regioner vil redusere behovet for samarbeid.

KS

KS mener folkevalgte regioner bør få overført deler av Forskningsrådets programmer. Videre mener KS at det bør etableres regionale sentra for praksisnær forskning, utvikling og innovasjon i helse- og omsorgssektoren som styres av kommunesektoren. Sentrene for omsorgsforskning og utviklingssentrene for sykehjem og hjemmetjenester bør som første steg inngå i regionsentrene og styres i samme struktur. Statlige tilskuddsmidler til helse, omsorg og velferdstjenester i kommunene bør samles og overføres til kommunene til forskning, utvikling og innovasjon.

Stortinget

Stortinget har bedt regjeringen om å vurdere en styrking av de regionale forskningsfondene.

Faggruppas vurdering

Faggruppa mener de regionale forskningsfondene bør styrkes både når det gjelder økonomiske ressurser og hvilke temaområder fondene skal ivareta. Fondene kan spille en enda viktigere rolle i å utvikle relevant og tilpasset forskning tilpasset de ulike deler av landets behov.

Faggruppa mener også at regionalt folkevalgt nivå bør få større innflytelse i nasjonale forskningsprogrammer, for eksempel knyttet til hvordan ressursene knyttet til VRI-programmet kan utnyttes og organiseres. Faggruppa vil peke på at Forskningsrådet arbeider med en ny regional satsing fra 2017 som skal erstatte VRI. VRI skal utvikle kunnskap om og evne til samhandlings- og innovasjonsprosesser i regionene og fremme forskningsbasert innovasjon i norsk nærings- og arbeidsliv. Andre regionale ordninger kan også bli endret. I følge Forskningsrådet kan satsingen omfatte nye virkemidler og videreutvikling av eksisterende. Satsingen vil forutsette samarbeid med aktører på regionalt nivå.

Faggruppa mener det bør ligge et premiss for utviklingen av disse programmene at regionalt folkevalgt nivå deltar i utviklingen av disse med sikte på et sterkere regionalt ansvar for nye programmer.

4.10 Forvaltningen av prosjekt- og prosjektskjønnsmidler

Oppgaver og ansvar

Departementer, direktorater med tilhørende regioner og fylkesmenn forvalter en rekke prosjektmidler på mange samfunnsområder der kommuner, næringsliv og frivillige organisasjoner kan søke.

Det er fylkesmennene som forvalter skjønnsmidlene til kommunene etter retningslinjer gitt av KMD. Det heter i departementets retningslinjer for skjønnsfordelingen at fylkesmennenes arbeid med tildeling av skjønnsmidler må være tilpasset de lokale forhold i hvert enkelt fylke. Departementet ønsker likevel en viss grad av samordning og felles struktur i arbeidet.

Innenfor ordningen med skjønnsmidler forvalter fylkesmannen prosjektskjønn som kan gå til prosjektet knyttet til bl.a. innovasjon i kommunesektoren, lokaldemokrati, samfunnsutvikling. Fylkesmennene forvalter prosjektskjønnsmidler på om lag 100-150 mill. kr årlig.

Rapport fra fylkesordførerne

Forvaltningen av skjønnsmidler krever forvaltning fra et nivå som kan se kommunenes behov i sammenheng over tid og ta høyde for behov som ikke fanges opp av det ordinære inntektssystemet. Det innebærer at forvaltningen av skjønnsmidler må ivaretas på et nivå mellom departementet og den enkelte kommune. Ansvar krever også økonomifaglige miljøer av en viss størrelse.

Hoveddelen av skjønnskuddet er del av inntektssystemet for kommunene og del av kommunenes frie inntekter. Midlene skal kompensere kommuner for spesielle lokale forhold som ikke fanges opp i den faste delen av inntektssystemet. Skjønnet krever tilpasninger og prioriteringer, men er undergitt tydelige nasjonale prioriteringer og er primært faglig begrunnet på regionalt nivå. Ansvar for skjønnsfordelingen må ses i nær sammenheng med ansvaret for kontroll- og veiledning etter økonomibestemmelsene i kommuneloven og skal også ses i nær sammenheng med ansvaret for oppfølgingen av kommuner i ROBEK (Register om betinget godkjenning og kontroll).

I rapporten mener en at fylkesmannen fortsatt bør ha ansvaret for fordelingen av skjønnsmidler til kommunene. Det er nødvendig med stabilitet og forutsigbarhet i overføringene, og oppgaven ligger nært opp til embetets økonomioppgaver overfor kommunene. Imidlertid heter det i rapporten at de deler av skjønnsmidlene som går til prosjektskjønn (herunder prosjekter til innovasjon, samfunnsutvikling interkommunalt samarbeid mv) bør overføres til regionalt folkevalgt nivå for å støtte opp om rollen som regional utviklingsaktør.

Disse midlene er av en annen karakter enn de øvrige skjønnsmidlene og temamessig ligger de nært opp til fylkeskommunenes ansvarsområder.

Stortinget

Stortinget har bedt regjeringen vurdere å overføre ansvaret for fordelingen av relevante prosjektmidler fra ulike deler av staten til regionalt folkevalgt nivå.

KS

KS mener at prosjektskjønnsmidler bør overføres fra fylkesmannen til regionalt folkevalgt nivå.

Faggruppas vurdering

Forvaltningen av prosjektskjønnsmidler og andre prosjektmidler bør overføres fra staten til regionalt folkevalgt nivå som kan tilpasse tildelinger i lys av lokale behov, regionale forhold og i tråd med nasjonale føringer. Midlene bør fordeles til fylkeskommunene ut fra nasjonale vurderinger av behov i de enkelte fylkene, tilsvarende modellen for overføring av midlene fra KMD til regional utvikling.

4.11 Barnevern

Barnevern er omtalt i kapittel 3 om oppgaver til kommunene, men gjentas her fordi faggruppa mener det er aktuelt å legge oppgaver også til regionalt folkevalgt nivå.

Faggruppas vurdering

Faggruppa vil peke på at regionalt folkevalgt nivå bør overta de oppgaver som ikke kan legges til kommunen, slik situasjonen var før 2004. Fylkeskommunene og kommunene har allerede et nært samarbeid innen mange oppgaveområder som vil kunne videreutvikles gitt et regionalt ansvar for de deler av barnevernet kommunene ikke skal ha ansvaret for. En overføring av ansvaret som i dag tilligger BUF-etat må innebære at stillingsressurser og fagkompetanse følger med til det nivå som overtar oppgavene.

4.12 Integrering, mangfold og bosetting

Ved behandlingen av Meld. st. 14 (2014-2015) ba Stortinget regjeringen om å vurdere om det er oppgaver på integreringsområdet (IMDi) som kan overføres til folkevalgte regioner. Merknaden fra Stortinget bunner ikke i et forslag fra regjeringens side.

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) er et forvaltningsorgan og kompetansesenter som skal styrke kommunenes, sektormyndighetenes og andre samarbeidspartneres kompetanse på integrering og mangfold. IMDi er underlagt Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLD). Direktoratet har om lag 220 ansatte, det har et driftsbudsjett på om lag 200 mill.kr. og forvalter tilskudd på om lag 9 mrd. i inneværende år som i all hovedsak går til kommunene (opprinnelig budsjett 2015). IMDi har seks regionkontorer: IMDi Vest dekker Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane.

IMDis hovedoppgaver er blant annet å:

- Samarbeide med kommuner om bosetting, norskopplæring og grunnleggende kvalifisering av flyktninger og deres familiegjeforente.
- Følge opp introduksjonsloven.
- Forvalte viktige økonomiske virkemidler innenfor integrerings- og mangfoldsarbeidet.
- Være nasjonal fagmyndighet for tolking i offentlig sektor.
- Følge opp tiltak i regjeringens handlingsplan mot tvangsekteskap.
- Være en pådriver for offentlige tjenester som er tilpasset mangfoldet i befolkningen.

Eksempler på tilskuddsordninger er:

- Integreringstilskudd for år 1 og år 2-5
- Ekstratilskudd for bosetting av flyktninger i 2015

- Særskilt kommunalt tilskudd ved bosetting av enslige mindreårige flyktninger
- Tilskudd til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere
- Kommunale innvandrertiltak – utviklingsmidler til kommunene
- Kommunale innvandrertiltak – forsøk med gratis kjernetid i barnehage
- Kommunale innvandrertiltak – tilskudd til lokal forebygging av radikalisering og voldelig ekstremisme
- Tilskudd til etablereropplæring for innvandrere

I 2015 og 2016 gjennomføres det forsøk med et økt ansvar for bosetting lagt til fylkesmannen. Forsøket gjennomføres i Hordaland og Østfold. I forsøksprosjektet skal fylkesmannen i tillegg bidra til utviklingsarbeid i kommunene for å styrke innsatsen når det gjelder kvalifisering og integrering. Som del av dette skal fylkesmannen bidra til at kommunene deler erfaringer på området. Videre skal forsøket bidra til økt samordning av kommunale og statlige tjenester og aktører, herunder NAV og Bufetat. Siktemålet er at en økende del av flyktningene skal gå over i arbeid eller videreutdanning etter at de er ferdige med introduksjonsprogrammet. Tanken er at dette i neste omgang kan ha en positiv effekt på tallet på flyktninger kommunene vil bosette.

I tråd med prosjektskissa skal IMDi fortsatt ha ansvar for de konkrete forespørslene til kommunene om flyktninger som skal bosettes. Og tilsvarende skal Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) ha ansvar for busetting av enslige mindreårige under 15 år.

Faggruppas vurdering

Faggruppa viser til forslaget om å opprette et «Nasjonalt kompetansesenter for bosetting og integrering» i Sogn og Fjordane. Forslaget er nærmere omtalt i kap. 2.6 (del 2). Kommunene i fylket opplever at staten har behov for å utvikle en overordnet kompetanse og en felles strategi på området. En slik kompetanse bør se mangfoldet av utfordringer som norske distrikt og regioner opplever. Kompetansesenteret vil medvirke til at staten tydelig får definert behov og utfordringer knytt til bosetting og integrering i sentrene og distriktene i Norge. Flora kommune har alt i dag etablert dette som et eget satsingsområde, og kan være et aktuelt lokaliseringssenter for en slik nasjonal funksjon.

Videre mener faggruppa det er relevant å vurdere om regionalt folkevalgt nivå skal få et tydelig ansvar for integrering, mangfold og bosetting og ivareta løpende veilednings, dialog og sektorovergripende arbeid overfor kommunene. Faggruppa foreslår at det igangsettes en offentlig utredning som vurderer i hvilken grad og hvordan fylkeskommunene/nytt regionalt folkevalgt nivå kan overta oppgavene som IMDi har ansvaret for i dag og som ikke krever en nasjonal forankring.

Det kan for eksempel innebære at regionalt folkevalgt nivå forholder seg til det foreslåtte nasjonale kompetansesenteret som kompetanseorgan og IMDi som myndighetsorgan på integreringsområdet. I et slikt utviklingsarbeid bør erfaringene fra forsøkene i fylkesmannsembetene i Hordaland og Østfold også vurderes.

5. Faggruppas tilråding

5.1 Oppgaver til kommunene

Nedenfor oppsummeres faggruppas hovedkonklusjoner. Kryss angir hvilket innbyggergrunnlag faggruppa mener er nødvendig for en kommunal overtakelse av oppgaven:

Oppgave	Minimum kommunestørrelse			
	50000	15-20 000	10 000	< 5000
Den allmenne tannhelsetjenesten	X			
Rehabilitering		X		
Hjelpemidler		X		
Boliger				X
NAV - arbeidsrettede tiltak				X
Barnevern tillagt BUF-etat	X			
Familievern		X		
Frivilligsentraler				X
Kultur				X
Natur-, miljø- og ressursforvaltning		X ⁴		
Konsesjoner småkraftverk				X
Lokal næringsutvikling		X		
Fylkesveger				X

5.2 Oppgaver til regionalt folkevalgt nivå

Tabellen nedenfor oppsummerer forslag til nye oppgaver til regionalt folkevalgt nivå:

Oppgave	Regionstørrelse	
	Større regioner tilnærmet landsdelene	Fylkeskommunene
Statens vegvesens regionvegkontorer	X	
Kultur		X
Den regionale miljøvernforvaltningen ⁵		X
Den regionale landbruksforvaltningen ⁶		X
Naturressursforvaltning		X
Forskning		X
Prosjekt og prosjektskjønnsmidler		X
Statlig barnevern - BUF-etat		X
Integrering, mangfold og bosetting		X

⁴ Kommuner med et lavere innbyggertall bør kunne overta oppgavene for eksempel ved et betydelig sammenfall med utmarks- og verneområdeforvaltningen og/eller dersom verneutfordringene i kommunen er store.

⁵ Med unntak av klage, kontroll og tilsynsoppgaver.

⁶ Med unntak av klage, kontroll og tilsynsoppgaver.

6. Fremdrift for oppgavene

Boks 6.1 Oversikt over fremdrift for de ulike oppgavene

Nedenfor listes opp oppgaver regjeringen har foreslått overført til større kommuner, men der regjeringen har varslet at videre utredningsarbeid er nødvendig, herunder en nærmere spesifisering av hvilke oppgaver som konkret skal overføres:

Tannhelsetjenesten

Det skal utredes nærmere hvordan og når implementeringen skal skje.

Rehabilitering

Det skal utredes nærmere hvilke oppgaver innenfor rehabiliteringsfeltet kommunene skal få et større ansvar for, samt i hvilken form en slik ansvarsendring skal skje.

Hjelpemidler

Det skal foretas en helhetlig gjennomgang av hjelpemiddelpolitikken. Denne gjennomgangen skal inkludere en grundig vurdering av den mest hensiktsmessige ansvarsdelingen mellom stat og kommune når det gjelder stønad til hjelpemidler, kompetansebehovet rundt hjelpemidler og en nærmere avgrensning av hva som skal regnes som basishjelpemidler. En viktig del av en slik gjennomgang vil være hensynet til brukerne og hvordan deres behov best vil bli ivaretatt.

Boliger

Departementet vil foreslå endringer i eksisterende regelverk som slår fast at det skal være en kommunal oppgave å gi hjelp til boligetablering og boligtilpasning.

NAV og arbeidsretta tiltak (regjeringens forslag)

Etter en samlet vurdering foreslår departementet at ansvaret for finansieringen og forvaltningen av varig tilrettelagt arbeid (VTA) og enkeltplasser i ordinære virksomheter (VTO) utredes nærmere med sikte på overføring til kommunene.

Barnevern (BUF-etat)

Det tas sikte på at økt kommunalt ansvar for barnevernet skal prøves ut i form av forsøksvirksomhet. Kunnskap fra forsøk skal bidra til gode endringsprosesser i en framtidig strukturreform i barnevernet. Forsøksvirksomhet kan iverksettes fra 2016.

Familievern

Som en del av regjeringens arbeid med kommunereformen utreder Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet familieverntjenesten med sikte på en overføring til kommunene. Det arbeides videre med en løsning for de kirkelige kontorene.

Utmarksforvaltning

Kommunal- og moderniseringsdepartementet oppnevnte sommeren 2014 en uavhengig gruppe som fikk i mandat å foreslå forenklingstiltak for utmarksforvaltningen. Rapporten har vært ute på offentlig høring. Sammen med høringsuttalelsene vil rapporten danne grunnlag for departementenes vurdering av videre oppfølging og igangsetting av tiltak.

Konsesjonsbehandling av mikro-, mini- og småkraftverk

Olje- og energidepartementet tar sikte på å foreslå en lovendring som medfører at overføring av konsesjonsmyndighet fra NVE og fylkeskommunene til kommunene skal tre i kraft i løpet av inneværende stortingsperiode.

Næringsutvikling

KMD har i samarbeid med LMD og NFD bestilt en utredning fra Norut Alta i samarbeid med Norut Tromsø som skal foreligge tidlig høst 2015. Utredningen skal belyse behov og muligheter for å videreutvikle og eventuelt formalisere kommunenes ansvar for lokal nærings- og samfunnsutvikling. Utredningen skal sammen med andre utredninger, bl.a. gjennomgangen av Innovasjon Norge, danne grunnlaget for en beslutning i Stortinget våren 2017, samtidig med behandling av lovproposisjon om andre oppgaver som skal overføres til større kommuner som følge av kommunereformen.

Fylkesveger

Spørsmålet om en overføring av ansvaret for fylkesveger til de største kommunene vil bli vurdert i prosessen med neste rullering av Nasjonal transportplan. Samferdselsdepartementet har bedt om Statens vegvesens faglige vurdering av en slik overføring av ansvar, som en del av forarbeidet til rullering av neste Nasjonale transportplan.

1. Statlege fag- og kompetansemiljø – utvalde verksemder

1.1 Desentralisering av statlege funksjonar og arbeidsplassar

Faggruppa har gjennom denne delen av oppgåveprosjektet gjort ei enkel kartlegging av potensiale og mulegheiter som utvalde regionale statlege etatar ser for framtidig utvikling og vekst⁷. I rapporten sin andre del konsentrerer faggruppa seg såleis om å formidle og diskutere innspel og tilbakemeldingar som gruppa har motteke frå desse fagmiljøa. Med statlege verksemder meiner vi institusjonar som ligg direkte under staten, som statlege forvaltningsorgan, etatar og forvaltningsverksemder.

Faggruppa sitt utgangspunkt har vore at ei geografisk fordeling av statlege arbeidsplassar medverkar til å spreie makt, byggje kompetansemiljø og leggje til rette for livskraftige lokalsamfunn. Interessante fagmiljø i distrikta er avgjerande dersom vi skal sikre tilflytting av unge og utvikling i regionane. Desentralisering av statlege funksjonar og arbeidsplassar er viktig for landet si samla verdiskaping, ved at ressursane i heile landet vert nytta. Utflytting og etablering av statlege arbeidsplassar til distrikta vil samstundes kunne tene storbyane, ved at det bidreg til å redusere presset som tilflytting og sentralisering skaper.

Ved etablering av statlege institusjonar utanfor det sentrale austlandsområdet har det vore sentralt i lokaliseringdiskusjonen å vurdere kompetansemessige fortrinn som ulike regionale alternativ har. Faggruppa ser det difor som særleg relevant å fokusere på faktorar som geografiske og ressursmessige fortrinn, samt på tilgangen på kvalifisert arbeidskraft som mange av fagmiljøa opplever som god.

1.2 Offentlege institusjonar og verksemder – utvalde verksemder

Vi har ei rekkje døme på at Sogn og Fjordane har lukkast med å etablere sterke nasjonale og regionale funksjonar. Faggruppa har kontakta utvalde statlege fag- og kompetansemiljø for å m.a. få innsikt i verksemdene sine tankar om framtidig vekst og utvikling samt rekrutteringssituasjonen i fylket:

Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) vart oppretta 01.01.2008. Difi er underlagt Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), og har m.a. ansvaret for digitalisering i offentleg sektor, offentlege innkjøp og forvaltningsutvikling. Direktoratet er fagorgan for forvaltnings- og IKT-politikken i offentleg sektor, og har ansvaret for kunnskapsformidling, utgreiing, standardar og rettleiarar for forvaltninga. Difi har hatt ein betydeleg vekst. Då Difi vart etablert var det om lag 30 tilsette i Leikanger. Per 01.01.2015 hadde Difi til saman 265 tilsette, fordelt på 171 i Oslo og 94 i Leikanger.

Distriktssenteret er ei offentleg verksemd, underlagt KMD, som jobbar for å styrke kommunar og regionar si evne til å utvikle attraktive og vekstkraftige lokalsamfunn. Senteret gjev departementet tilbakemelding og kunnskap om lokal og regional utvikling. Distriktssenteret formidlar kunnskap basert på både praktiske erfaringar og forskning om lokal samfunnsutvikling. Senteret har avdelingar i Steinkjer, Sogndal og Alstahaug med til saman 22 tilsette. Av desse er det i dag 8 tilsette ved avdelinga i Sogndal.

⁷ Sekretariatet har vore i dialog med 1-2 personar frå dei utvalde statlege etatane og verksemdene for å hente inn synspunkt og erfaringar.

NAV Økonomiteneste er ein landsdekkande økonomifunksjon for NAV. Tenesta vart etablert i 2003. NAV si økonomiteneste på Leikanger er med på å spesialisere forvaltninga av økonomien og rekneskapa innanfor NAV-systemet. Tenesta har ansvaret for eitt av landets største offentlege rekneskap, og har 105 tilsette. Inkludert i ansvarsområdet ligg funksjonar knytt til utvikling av nye digitale løysningar, utbetaling av alle stønadsordningar frå NAV, felles fakturamottak og lønsutbetalingar for NAV sine eigne tilsette.

Lotteri- og stiftingstilsynet er eit direktorat og tilsynsorgan underlagt Kulturdepartementet. Lotteri- og stiftingstilsynet vart oppretta i januar 2001, og har som hovudoppgåve å kontrollere norske pengespel samt å føre tilsyn med, og kontroll av, alle norske stiftingar etter stiftingslova. I samband med at lov om stiftingar tredde i kraft 15.06.2005, overtok etaten fylkesmennene sitt tidlegare tilsynsansvar på dette området. Lotteri- og stiftingstilsynet er organisert med to underliggjande fagtilsyn, men har felles direktør og sams administrasjon. Tilsynet har hovudkontor i Førde, og det er om lag 70 tilsette i organisasjonen.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er underlagt Olje- og energidepartementet med ansvar for å forvalte vass- og energiressursane i landet. NVE har også ansvar for å ivareta dei statlege forvaltningsoppgåvene innan skredførebygging. Det er sentralt å sikre ei heilskapleg og miljøvennleg forvaltning av vassdraga, fremje ei effektiv kraftomsetning, kostnadseffektive energisystem og ein effektiv energibruk. Direktoratet har ei sentral rolle i vernebuinga mot flaum, og leier den nasjonale kraftforsyningsvernebuinga. NVE har hovudkontor i Oslo med regionkontor i Førde, Tønsberg, Hamar, Trondheim og Narvik. Region Vest omfattar Hordaland, Sogn og Fjordane, Sunnmøre og Romsdal. Ved regionkontoret i Førde er det i dag 21 tilsette.

Statkraft Region Midt-Noreg er ein av seks produksjonsregionar i Statkraft. Fire kraftverksgrupper har ansvar for drift og vedlikehald av 34 kraftverk og tre vindparker i Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Finnmark. Regionen har 200 tilsette, der 48 arbeider ved regionsenteret i Gaupne i Luster.

Høgskulen i Sogn og Fjordane driv undervisnings- og forskingsaktivitetar i Sogndal, Førde og på Sandane. Høgskulen har eit breitt fagleg spekter med til saman om lag 3700 studentar og 330 tilsette. HiSF si rolle inneber mellom anna å yte faglege tenester med ein yrkesrelevant profil innanfor sine kunnskapsfelt. Høgskulen definerer Sogn og Fjordane som si naturlege «heimebane», og ønskjer å ta eit særleg ansvar for å medverke til kunnskapsutvikling og kompetanseheving for eige fylke og i noka grad også for landsdelen som heile.

Stiftinga Vestlandsforskning er eit oppdragsbasert forskingsinstitutt. Instituttet vart etablert i 1985. Sogn og Fjordane fylkeskommune var formell stiftar. Instituttet er lokalisert i Sogndal på Campus Fosshaugane, og har 25 tilsette og ein årssomsetnad på ca. 23 mill.kr. (2014). Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane utgjer eit samla regionalt kunnskapsmiljø med om lag 250 fagstillingar. Forskarar ved institusjonane deltek i ei rekkje felles FoU-prosjekt.

Statens vegvesen er ein statleg etat med ansvar for bygging og vedlikehald av riks- og fylkesveggar, som også fører tilsyn med køyretøy og trafikantar. Etaten består m.a. av Vegdirektoratet og 5 regionvegkontor, og er underlagt Samferdselsdepartementet. Regionvegkontora er underlagde fylkeskommunane i spørsmål om fylkesveggar. Statens vegvesen Region Vest har sitt hovudkontor i Leikanger. Region Vest har til saman 1320 tilsette. Hovudkontoret i Leikanger har om lag 220 tilsette, medan avdelingane i Bergen og Stavanger har om lag 325 og 220 tilsette. Tal tilsette ved trafikkstasjonane er her ikkje spesifiserte.

Helse Førde HF er den største arbeidsgjevaren i fylket med om lag 2500 tilsette og eit budsjett på om lag 2,4 mrd.kr. Frå 2002 overtok staten ansvaret for sjukehusa og dei psykiatriske institusjonane frå

fylkeskommunane. Vestlandet vart organisert i ein felles helseregion, Helse Vest, og underavdelinga som m.a. Sentralsjukehuset i Førde sorterer under er Helse Førde HF. Administrasjonen held til ved Førde sentralsjukehus, som er den største einskildarbeidsplassen i Sogn og Fjordane (til saman 1300 tilsette).

Fiskeridirektoratet sitt hovudkontor ligg i Bergen, men mange av forvaltnings- og kontrolloppgåvene vert utførte ved dei sju regionkontora i Måløy, Vadsø, Tromsø, Bodø, Trondheim, Ålesund og Egersund. Direktoratet har 220 tilsette i Bergen, medan om lag 270 personar er tilsette i regionane. Regionsjefen for Fiskeridirektoratet Region Vest er frå 1999 etablert i Måløy, og kontoret dekkjer Sogn og Fjordane og Hordaland. Regionkontoret driv rettleiing, kontroll og tilsyn med fiske- og oppdrettsnæringa, og har fagtilsette både i Måløy (21 tilsette) og Bergen (15 tilsette). Regjeringa har i 2015 vedteke at regionkontoret i Måløy skal vidareførast.

Innovasjon Noreg (IN) er eit statleg særlovselskap stifta i 2003. Føremålet med selskapet er m.a. å auke innovasjon og nyskaping i næringslivet i heile landet, samt å profilere norsk næringsliv og Noreg som reisemål. I 2010 arbeidde IN med over 9000 kundeprojekt og tildelte næringslivet om lag 5,3 mrd.kr. i form av ulike tilskots-, låne- og garantiordningar. Frå 2010 vart fylkeskommunen deleigar av IN. Innovasjon Noreg har frå 01.01.2016 23 tilsette i Sogn og Fjordane (14 på Leikanger og 9 i Førde).

Tabell 1: Statlege institusjonar og verksemder i Sogn og Fjordane

Nasjonale statlege institusjonar	Direktoratet for forvaltning og IKT - Difi (hovudkontor) Distriktssenteret (avdelingskontor) Lotteri- og stiftingstilsynet (hovudkontor) NAV Økonomiteneste (hovudkontor)
Regionale statlege institusjonar	Helse Førde HF Høgskulen i Sogn og Fjordane Innovasjon Noreg Noregs vassdrags- og energidirektorat (regionkontor) Statens vegvesen Region vest (regionkontor) Statkraft Region Midt-Noreg (regionkontor)
Andre relevante offentlege fag- og kompetansemiljø	Stiftinga Vestlandsforskning

Merk at faggruppa i dette kartleggingsarbeidet har måtta gjere eit utval av statlege verksemder i fylket. Vi har til dømes ikkje vore i direkte kontakt med, eller fått innspel ifrå, skatteetaten, politietaten, domstolane, kriminalomsorga, Fylkesmannen, statens vegmeldingssentral (regionkontor), staten sitt naturvernoppsyn eller andre relevante fag- og kompetansemiljø.

2. Synspunkt frå statlege fag- og kompetansemiljø: Nedanfrå-og-opp

Rapporten baserer seg på generell informasjonsinnhenting og dokumentanalyser samt intervju av informantar frå statlege etatar og institusjonar. Når faggruppa har kontakta dei utvalde statlege fag- og kompetansemiljøa for å få innsikt i verksemdene sine tankar om framtidig vekst og utvikling, har intervjuja særleg vore innom følgjande tema:

1. Korleis opplever dei statlege fag- og kompetansemiljøa rekrutteringssituasjonen i fylket?
2. Er det oppgåver eller funksjonar som organisasjonane sjølve har ambisjonar om å starte opp? Dette kan vere oppgåver som grensar mot eksisterande fagområde i verksemda, eller nyvinningar ein ser som relevante i høve til den kompetansen ein alt har.
3. Kva kjenner verksemdene til av føreliggjande planar om oppretting eller utflytting av statlege arbeidsplassar – og kan eller ønskjer organisasjonen å ta på seg slike?
4. Kva erfaringar har einskilde verksemdar i fylket med å jobbe i ein geografisk «delt organisasjon»?
5. Kva er verksemdene sine synspunkt på strategiar og framgangsmåtar i arbeidet med å tilføre verksemdene – og dermed også fylket – nye funksjonar, tenester og arbeidsplassar?

2.1 Rekrutteringssituasjonen – rammevilkår og erfaringar

Arbeidsmarknadssituasjonen

For å sikre ei framtidig utvikling av private og offentlege arbeidsplassar i fylket er tilgangen på kvalifisert arbeidskraft avgjerande. Faggruppa meiner rekrutteringsutfordringa utgjør ein kritisk suksessfaktor for at vi skal kunne oppretthalde og vidareutvikle dei statlege arbeidsplassane og funksjonane vi har i fylket – noko som også i framtida vil vere eit viktig bidrag til arbeidet med å vidareutvikle livskraftige lokalsamfunn. Faggruppa tek difor innleiingsvis utgangspunkt i dagens arbeidsmarknad.

Arbeidsmarknadssituasjonen i Sogn og Fjordane er generelt god, men framleis har vi eit underskot på arbeidsplassar, noko som for mange medfører pendling ut av fylket eller arbeidsløyse. Fylket manglar først og fremst arbeidsplassar som tiltrekkjer seg dei som er i aldersgruppa 30-40 år, og som har ei utdanning utover vidaregåande skule. Tal frå NAV Sogn og Fjordane syner at det pendlar 5120 personar ut av fylket for å jobbe andre stader (2014). Dette er personar som truleg ønskjer å bu i fylket, men som ikkje finn relevant arbeid eller attraktive nok jobbar her.

Arbeidsløysa er generelt låg i Sogn og Fjordane, både samanlikna med andre fylke og i eit internasjonalt perspektiv. Det er likevel ein del variasjonar mellom kommunar og regionar. Særleg ser vi forskjellar mellom kystkommunar og innlandskommunar, der vi i dag har høgast arbeidsløyse langs kysten. Dette har samband med næringsstrukturen. Arbeidsløysa er høgast der vi har eit monaleg innslag av fiske- og verkstadindustri. Det er også variasjonar over tid. Sidan 2010 har vi hatt ein nedgang i arbeidsløysa, men i 2013 var det ein mindre auke fleire stader. I 2014 var det auke i halvparten av kommunane⁸.

Høgskulen har tal som syner at 78% av dei som tek heile utdanninga si i fylket får jobb og vert buande her. Høgskulen har også dokumentasjon på at om lag 25% av ungdomane som utdannar seg utanfor fylket kjem tilbake for å bu og arbeide her (2013). HiSF legg vekt på å «marknadsføre» konkrete behov som lokalt arbeids- og næringslivet har, slik at også utdanningsløp og -val retta mot fylket sine faktiske behov

⁸ Fylkesspegelen, Sogn og Fjordane fylkeskommune, per 01.10.2015.

vert synleggjort. HiSF har slik sett ein aktiv funksjon i høve rekrutteringssituasjonen innanfor ei rekkje yrkesgrupper i fylket.

Fylkesmannen har sidan 2000 kartlagt m.a. rekrutteringa av legar i Sogn og Fjordane. Ein del av desse er kommunale stillingar, men faggruppa meiner det illustrerer utfordringane vi har når det gjeld rekruttering av *spesialistkompetanse* til fylket. Talet på kommunelegar auka med 20% frå 2000-15 (frå 99 til 119). Fastlegeordninga førde til oppretting av nye stillingar ein kortare periode. Etter fleire år med stillstand i etableringa, var det teikn til auke i samband med samhandlingsreforma, men auken har sidan stagnert. Stagnasjonen i rekrutteringa av fastlegar fører til «forgubbing» og ein snittalder på over 50 år (1/3 av kommunelegane er over 55). 13% av stillingane er dekkja av vikarar. Bruken av korttidsvikarar kan t.d. representere eit kvalitetsproblem. Dømet kan illustrere noko av den attraktiviteten fylket i dag har når det gjeld å trekkje til seg høgt utdanna spesialistar.

Telemarkforskning har utarbeidd ulike scenario for folketalsutviklinga i fylket fram mot 2040⁹. Fylket scorar relativt lågt på attraktivitet som plass å bu. Utflyttinga frå fylket er sterkare enn det som kan forklarast av arbeidsplassutviklinga. Med omsyn til attraktivitet kjem Sogndal, Hyllestad, Leikanger og Stryn best ut, i følge scenarioet. Analysen viser at det er eit potensiale for folketalsvekst i intervallet 0-30% fram mot 2040, basert på korleis den enkelte region lukkast i si nærings- og attraktivitetsutvikling. Førde, Sogndal og Stryn er i Telemarkforskning sitt materiale vurdert å ha størst vekstpotensiale.

Erfaringar frå statlege fag- og kompetansemiljø

Faggruppa slær fast at fagmiljøa vi har vore innom i dette kartleggingsarbeidet i all hovudsak vert oppfatta som svært attraktive arbeidsplassar. Statlege verksemdar rekrutterer godt til stillingane dei lyser ut. Vi kan trekkje fram nokre døme:

Lotteri- og stiftingstilsynet har gode erfaringar med å sikre seg nødvendig kompetanse, men har også opplevd periodar med varierende søkjarlister. Direktoratet har heile tida dekkja trongen for kompetanse, men talet på søkjarar til stillingar som krev høg og spesialisert kompetanse varierer noko. Særleg ser ein at det er færre søkjarar med relevant og «spissa» leiarerfaring. Direktoratet har møtt utviklinga med ein eigenutvikla strategi for å halde på tilsette med nøkkelpotensiale som ein veit er utfordrande å erstatte. Lotteri- og stiftingstilsynet erfarer at det er overordna viktig at høgt utdanna søkjarar får høve til å:

- Nytte fagutdanninga si.
- Arbeide i eit fagmiljø av noko storleik.

Desse to omsyna har høg prioritet og utgjer ein viktig framtidig suksessfaktor. Faggruppa merkar seg at fleire av dei statlege verksemdene, m.a. Helse Førde, HiSF og Statens vegvesen, sluttar seg til dette.

NVE Region Vest, med hovudkontor i Førde, har også jamt over gode erfaringar med å sikre seg nødvendig kompetanse. NVE opplever særleg no ein auke i etterspurnaden etter ingeniørstillingar. Vestlandet er relativt hardt ramma av utfordringane i oljenæringa. Dette kan m.a. forklare god tilgang på ingeniørar i arbeidsmarknaden. NAV Sogn og Fjordane stadfestar at ingeniørar på Vestlandet er mest påverka av nedgangstidene innanfor oljenæringa.

Innovasjon Noreg sluttar seg til at det reint rekrutteringsmessig har vore god tilgang på nye, dyktige medarbeidarar i fylket. I samband med eit omstrukturingsarbeid i selskapet er det nyleg identifisert

⁹ Telemarkforskning (2013): «Hva kjennetegner attraktive steder?».

fleire fagområde som skal «sentraliserast» i tydinga samlast. Eitt av desse områda er handtering av gründerar/tidleg-fase-bedrifter. Det vert no oppretta eit gründerseier for heile landet ved kontoret til IN i Førde. Det har vore svært gode søkjarlister til dei tre stillingane som får landsdekkande arbeidsoppgåver.

Helse Førde og Statens vegvesen sikrar seg kvalifisert rekruttering til ein del stillingar gjennom *eigne utdanningsopplegg/-løp*. Også Høgskulen i Sogn og Fjordane driv aktiv etter- og vidareutdanning for eigne tilsette, og satsar særleg no på å kvalifisere fleire tilsette gjennom doktorgrads-/forskarutdanning. Desse verksemdene har vore gjennom fleire fasar der erfarne fagfolk har slutta, og der det har vore relativt få unge som har hatt utdanningsbakgrunn innan dei aktuelle fagområda. I periodar med store utfordringar knytt til å tiltrekkje seg kompetente fagfolk, har det vore verdifullt å kvalifisere eigne tilsette eller «sluse» ungdomar og studentar inn i skreddarsydde utdanningsløp retta mot spesialiserte fagområde.

Statens vegvesen Region vest opplever rekrutteringssituasjonen i Sogn og Fjordane som god. Etaten har gjennom sitt sektoransvar ansvar for utdanning kompetanse til sektoren samla sett og ikkje berre til eigen etat, og har eit etablert samarbeid med m.a. NTNU gjennom si Veg- og trafikkfaglege avdeling i Trondheim. Innanfor andre sentrale kompetanseområde som t.d. trafikant og køyretøyområdet, juristar, økonomar, statsvitarar og andre stillingar er det bra med søkjarar. Innanfor t.d. byggteknologi har ein hatt utfordringar i Rogaland og Hordaland, der arbeidsmarknaden er noko meir konjunkturavhengig enn ein opplever her i fylket.

Helse Førde har ein samla arbeidsstokk der ein innanfor alle faggrupper (legar, sjukepleiarar, andre tilsette) har ein relativt stor del godt vaksne medarbeidarar. Alderssamansettinga kan ha samanheng med at sentralsjukehuset i Førde vart bygd på 1970-talet, og at ein del av dei som då vart tilsette no nærmar seg pensjonsalder. Dei største rekrutteringsutfordringane framover ser ein innanfor gruppene legespesialistar, psykologar/ psykologspesialistar, bioingeniørar og spesialisjukepleiarar. Relativt mange vel å flytte til større byar etter endt spesialisering, og grunngevinga er ofte at dei ønskjer å jobbe innanfor større fagmiljø. Ein ny struktur for spesialistutdanning kan ha innverknad på organiseringa i Helse Førde, og konkrete avtalar om utdanningsløp og praksistid regionalt er eit viktig element i strategien det no vert arbeidd med. I 2014 hadde Helse Førde om lag 860 studentar, elevar, lærlingar inne i eigne utdanningsløp.

Faggruppa understrekar at dei fagmiljøa vi har vore inno i kartleggingsarbeidet vert oppfatta som attraktive arbeidsplassar. Statlege verksemdar rekrutterer generelt godt til stillingane dei lyser ut.

Faggruppa merkar seg samstundes følgjande tema som fag- og kompetansemiljøa i Sogn og Fjordane bør posisjonere seg i forhold til, for å vinne fram i kampen om arbeidskrafta framover:

- Fleire av dei statlege fag- og kompetansemiljøa erfarer at det er overordna viktig at høgt utdanna søkjarar får nytta fagutdanninga si i jobben dei får tilbod om.
- Faggruppa registrerer at mange kandidatar etterspør eit samla fagmiljø av noko storleik for at dei skal ta imot eit jobbtillbod og etablere seg i fylket.
- Høgskulen, Helse Førde og Statens vegvesen sine eigne utdannings- og kvalifiseringsstrategiar kan ha overføringsverdi til andre statlege fag- og kompetansemiljø regionalt og lokalt.

2.2 Nye oppgåver, tenester og funksjonar under utvikling – nokre døme

Faggruppa har gjennom kartleggingsarbeidet fått innsyn i fleire utviklingsområde der dei statlege verksemdene har konkrete idear og ambisjonar. Gjennomgåande handlar det her om å utvikle funksjonar

og tenester som grensar mot eksisterande fagområde i verksemda, eller ev. å utvikle nyvinningar ein ser som relevante i høve til den kompetansen ein alt har.

Helse Førde kan tene som eitt av døma der ein i dag har fleire planar og prosjekt i startgropa for å yte betre tenester. Mellom anna har Helse Førde gjennom fleire år etablert gode samarbeidsarenaer med kommunar og offentleg forvaltning regionalt. Planane om å utvikle eit nasjonalt samordningscenter for primær- og spesialisthelsetenestene er difor på teiknebrettet. Helse Førde driv eit kontinuerleg utviklingsarbeid knytt til ny teknologi, nye behandlingsformer og breiare behandlingportefølje. Organisasjonen framhevar særleg to aktuelle utviklingsprosjekt:

- Samhandlingssenter for primær- og spesialisthelsetenestene: Helse Førde har etablert ein god praksis der samhandling og kompetanseoverføring på tvers av tenesteområde og forvaltningsnivå utgjer eit fortrinn. Det er i dag stor variasjon mellom helsetenestene og behova i kommunane, og nasjonalt er variasjonane betydelege. I Sogn og Fjordane har HF regelmessige møte med kommunane, koordineringsråd, ulike fagråd og forum for folkehelse. Helse Førde er i front nasjonalt i høve strukturert samhandling om pasientgrupper.

Ein vidare prosess knytt til dette utviklingsarbeidet vil kunne innebere at det vert arbeidd fagleg og administrativt med konkret planutforming og eventuelt også politisk i høve statlege løyvingar til å starte opp t.d. eit pilotprosjekt på området i første omgang.

- Senter for telemedisin: Samhandlingsreforma har m.a. som mål at helse- og omsorgssektoren skal ta i bruk ny teknologi for å fremje nye måtar å levere helse- og omsorgstenester på. Helse Førde var tidleg ute i høve til å ta i bruk telemedisinske løysingar for å yte helse- og omsorgstenester nærare der folk bur. Dette gjer det praktisk muleg å gjennomføre kompetanseoverføring og -heving for aktuelle tilsettegrupper, og det medverkar til kvalitet i tenestene og grunnlag for nye tilbod.

Helse Førde ser på mulegheitene for å etablere eit regionalt kompetansesenter for telemedisin innanfor Helse Vest, der rådgjeving og teknologiutvikling for betre pasientflyt og behandling vert ei hovudoppgåve. Senteret vil nytte ny teknologi og tilrettelagd organisering for at telemedisinske løysingar understøttar diagnostisering, behandling og oppfølging uavhengig av geografiske forhold.

Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane har i 2015 starta eit større samarbeid innanfor undervisning og forskning på klimaområdet. Fylket har eit konsentrert mangfald av tilfelle og klimafenomen som gjer det relevant å utvikle ei skreddarsydd «undervisningspakke» og ei klimaforskning der Vestlandsforskning, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Norsk Bremuseum og andre offentlege verksemder og etatar medverkar på finansierings-, kompetanse- og organisasjonssida. Ein føremon er at HiSF og Vestlandsforskning vil ha eigne FoU-miljø som aktive og nasjonalt leiande «drivarar» innanfor fagfeltet.

Bakgrunnen for prosjektideen er at Sogn og Fjordane er i ferd med å markere seg som «klimafylke nr. 1» i Noreg. Denne posisjonen kan truleg styrkast og utvidast. Fagområdet er ramma inn av berekraftmålet, og sett saman av felte klimaendring, verknadar av klimaendring på natur og samfunn, produksjon av ny fornybar energi, forbruk av energi, tilpassing til klimaendringar og reduksjon i utsleppa av klimagassar. Fylket er eit unikt «klimalaboratorium» i den forstand at alle elementa som inngår i klimautfordringa er samla på «ein stad». Vi har naturgrunnlaget, samfunnsgrunnlaget, utsleppsutfordringar, energiutfordringar, relevante FoU-miljø og ei offentleg forvaltning som fokuserer på miljø- og klimaområdet.

Faggruppa ser det som offensivt å arbeide for utvikling av ei nasjonal «klimapakke» innan undervisning. Frå barnehage, via grunnskule, vidaregåande skule og til høgskule er det ei rekke initiativ på gang for å få

på plass ulike variantar av «klimaundervisning». Frå høgskulen er det t.d. nyleg sendt inn til godkjenning landets første masterutdanning i klimaforvaltning (som også kan følgjast opp med noko tilsvarande på doktorgradsnivå). Vidare er det hausten 2015 starta opp eit etterutdanningstilbod for planleggarar i klimatilpassing. Både masteren og etterutdanningstilbodet er lagt opp i tett dialog med – og vil bli gjennomført i samarbeid med – Vestlandsforskning. Det er også på gang eit arbeid med å utvikle klima som eit linefag innanfor vidaregåande opplæring i fylket, der det òg er lagt inn eit samarbeid mellom HiSF og Vestlandsforskning. I tillegg er det tankar om å utvikle «klima» som eit tverrfagleg tema også i høgskuleutdanning av førskule- og grunnskulepedagogar.

Distriktssenteret er ein støttespelar for fylkesmennene i samband med kommunereforma. Senteret opplever eit stadig aukande behov for prosessrettleiing hjå primærkommunar som arbeider med å slå seg saman. Senteret ønskjer i samband med det pågåande strategiarbeidet fram mot 2025 å få utvida sitt mandat til også å gjelde heile planleggingsprosessen knytt til «bygging» av dei nye kommunane. Senteret er i dialog med KMD om å ta ei slik rolle. Eit viktig element i dette er å etablere nye demokratiske arenaer, og eit eige kunnskapshefte om nærdemokratiet er nyleg lansert. Vidare vil prosessrolla innebere å nytte eksisterande kompetanseområde til å stimulere dei nye kommunane til å bli komplette utviklingseiningar, og ikkje berre vere ei teknisk, administrativ organisasjonssamanstilling. Regionalpolitisk avdeling og Kommunalavdelinga i KMD er organisasjonen sin mest sentrale overordna samarbeidspart.

Faggruppa merkar seg at fleire av dei aktuelle fag- og kompetansemiljøa i dag arbeider aktivt med å utvikle nye oppgåver og funksjonar i fylket. Svært mange av fagmiljøa er komne langt i planlegginga av nasjonale funksjonar og tenester, og følgjande døme kan trekkast fram:

- Helse Førde HF: Tidlege planar for eit nasjonalt samordningscenter for primær- og spesialisthelsetenester og eit nasjonalt kompetansesenter for telemedisin.
- Vestlandsforskning og Høgskulen i Sogn og Fjordane: Sogn og Fjordane som klimalaboratorium – ein nasjonal utdannings- og forskingsbase.

Faggruppa rår generelt til at det både på politisk og administrativ side i fylket er høg bevisstheit i høve konkrete vekst- og utviklingsinitiativ frå fag- og kompetansemiljøa i tida framover.

2.3 Utflytting av oppgåver og aktuelle endringsgrep som fagetatane kjenner til

Innovasjon Noreg, Noregs vassdrags- og energidirektorat og ein samla undervisnings- og høgskulesektor er per i dag aktuelle døme på statlege etatar som er inne i evaluerings- og omstrukturingsarbeid. I prosessane som er i gang vert heile eller delar av oppgåveporteføljen deira, eigar- og styringsmodellar og andre grunnleggjande spørsmål løfta fram til vurdering. I alle desse fagmiljøa imøteser ein at det er regionalpolitisk interesse og engasjement for dei framtidige utviklingsmulegheitene og -løysingane.

Helse Førde ser ei rekkje utfordringar og mulegheiter, både på kort og lang sikt, som det kan vere nyttig å skape større medvit om blant politiske aktørar i og frå Sogn og Fjordane. Regjeringspartia gjekk i 2013 til val på at helseføretaksmodellen bør vurderast på nytt. Helseføretaket ser i alle høve fleire mulegheiter i høve enkelte endringar som er under planlegging. Då helseføretaksmodellen vart innført, vart ei rekkje element «sleppte lause». No ligg det an til at ein del av dei differensierte, ulike løysingane knytt til innkjøp, løns- og rekneskapsystem, teknologiløysingar og andre administrative funksjonar vert standardiserte og etablerte i felles nasjonale strukturar. Her kan det vere grunnlag for at ein også politisk engasjerer seg for å sikre regionale og nasjonale funksjonar til Helse Førde. Den nasjonale

innkjøpsfunksjonen er lagt til Vadsø, og dette syner at det er mulegheiter for meir «desentralisert sentralisering» framover.

Faggruppa er vidare kjend med at Kommunal- og moderniseringsdepartementet har starta eit arbeid for å greie ut framtidig struktur og storleik for fylkesmannsembeta. I mandatet for arbeidet heiter det at «struktur» skal avgrensast til ei drøfting omkring geografisk inndeling av embeta. Målsetjinga er å finne fram til eit grunnlag for å vurdere kva som er ein føremålstenleg struktur for oppgåveløysinga samtidig med at ein ny kommune- og regionstruktur vert avklara våren 2017. Vi kjem attende til dette i kap. 2.7.

Faggruppa er særleg merksam på dei aktuelle statlege fag- og kompetansemiljøa i fylket som er under *evaluerings- og omstrukturingslupa*, og meiner det er grunn til at ein både politisk og administrativt har høg bevisstheit i høve til potensielle endringar som kjem som konsekvens av dette.

Tilbakemeldingane frå dei statlege fag- og kompetansemiljøa syner svært få konkrete døme på utflyttings- eller etableringsplanar for nye statlege arbeidsplassar, sjølv om eit fleirtal kjenner til at regjeringa våren 2015 slutta seg til at det skal greiast ut kva for eksisterande og nye statlege arbeidsplassar som kan flyttast frå storbyane til distrikta.

2.4 Delt lokalisering – ein framtidsstrategi?

NAV Økonomiteneste, Lotteri- og stiftingstilsynet, Statens vegvesen Region vest og Difi er alle statlege institusjonar med erfaring i å arbeide innanfor ei såkalla delt lokalisering. Verksemdene uttrykkjer at det kan vere utfordrande å rekruttere og halde på «spesiell kompetanse», inkl. leiarkompetanse, innanfor ein slik lokaliseringsstruktur. Dei fire verksemdene meiner det er avgjerande å vere klar over utfordringane som ligg i denne type organisering alt når ein initierer prosessar for å få statlege funksjonar til fylket.

For å lukkast med etablering av oppgåver og funksjonar i ei regional statleg eining, er det ein stor føremon å ha ein viss minimumsstorleik på fagmiljøet ved den regionale eininga. Nokre av gruppa sine informantar antyder ei nedre grense på mellom 10-20 medarbeidarar per geografiske eining. Faggruppa meiner likevel dette i svært stor grad vil variere med oppgåvetype, organisasjonsmodell m.m. Difi starta ut med 30 tilsette i fylket, medan det per 01.01.2015 var 94 tilsette i fylket. Distriktsenteret har tre regionale kontor, med ei jamn fordeling på 8-10 tilsette mellom stadane. Her vert «fordelingslikevekta» sett på som viktig for å ikkje få ei for stor «slagside» i organisasjonen. Delt lokalisering fører med seg store reise- og tidskostnader. Mange ønskjer difor å arbeide og bu nær transportknutepunkt. God transportinfrastruktur bør difor bli tillagt stor vekt ved lokalisingsval. Statens vegvesen Region vest er m.a. tydelege på at regionkontoret ikkje kunne vore lokalisert til Leikanger dersom ein ikkje hadde hatt flyplass i Sogndal.

Statens vegvesen har brei erfaring med å jobbe i ein geografisk «delt organisasjon». Til dømes er Ressursavdelinga i Region vest inndelt i seksjonar som er lokaliserte i alle dei tre fylka. Her har ein i tillegg ei løysing med «delt leiing», der fleire leiarar deler eit seksjonsleiaransvar. Ordninga fungerer tilfredsstillande, og nyleg gjennomført medarbeidarundersøking gjev gode tilbakemeldingar. Det er ein premiss at tilsette blir «sosialiserte» inn i systemet, og at ny-tilsette får tid til å bli kjende med korleis organisasjonen fungerer.

Fjernleiing er eit omgrep som gjer seg gjeldande ved delt lokalisering. Faggruppa ser at fjernleiing stiller andre krav til rutinar, rapportering og prosedyrar enn leiing der organisasjonen er samla. Nokre medarbeidarar ønskjer fleire og hyppigare fysiske møte enn det leiarane har kapasitet til. Faggruppa

meiner det difor kan vere viktig å rekruttere fagpersonar som er innstilte på å jobbe sjølvstendig i periodar utan tett kontakt med leiinga.

Erfaringane faggruppa har henta inn gjev grunnlag for å trekke fram enkelte forhold som bør vurderast og takast omsyn til når statlege arbeidsplassar skal lokaliserast:

- Storleiken på eininga
- Arbeidsmarknad og mulegheiter for jobb nr. 2 til ektefelle/sambuar på lokaliseringsstaden
- Transportinfrastruktur
- Gjennomtenkt modell for fjernleiing i delte organisasjonsmodellar
- Handtering av ev. kulturskilnader i ulike deler av verksemda/organisasjonen
- Gode digitale verktøy for sakshandtering, samhandling og kommunikasjon
- Erfaringar med «spesielle forhold» gir oss ein spesiell kompetanse i Sogn og Fjordane

Faggruppa meiner det er avgjerande å vere klar over utfordringane som ligg i ei organisering med *delt lokalisering*¹⁰ alt når ein initierer prosessar for å få statlege funksjonar etablerte i fylket.

Fylket lukkast i etableringa av slike organisasjonsmodellar: I arbeidet med å få fleire statlege arbeidsplassar til Sogn og Fjordane, kan vi halde dette fram som ein framtidsretta og effektiv modell, som nettopp opnar for desentralisering av heile/deler av statlege verksemder.

2.5 Strategiar i arbeidet med nye statlege arbeidsplassar til fylket

Når det gjeld kva strategiar vi bør nytte i arbeidet med å få nye statlege funksjonar og arbeidsplassar til fylket, har faggruppa m.a. merka seg tilbakemeldingane frå Lotteri- og stiftingstilsynet og NAV Økonomiteneste: Lotteri- og stiftingstilsynet meiner det viktigaste i slike tildelingsprosessar er at leiinga er «framoverlent» og på «tilbodssida» i høve å raskt kunne starte arbeidet med utgangspunkt i den kompetansen og porteføljen organisasjonen alt har. Også leiinga ved NAV Sogn og Fjordane meiner leiinga i organisasjonen sjølv bør vere den første aktøren som tek tak i slike prosessar. Seinare kan det vere tenleg å kople på engasjerte politikarar. I tilfella der vi snakkar om større, varsla utflyttings- eller nyetableringsprosessar, er det semje om at det ofte er verdifullt å kople politisk leiing tidlegare på.

Faggruppa merkar seg at dei statlege fag- og kompetansemiljøa har eit nyansert og noko variert syn på kva strategiar som bør leggjast til grunn i arbeidet for tilføring av nye, statlege arbeidsplassar til fylket:

- Det er viktig at leiinga ved statlege etatar først og fremst fokuserer på faglege kvalifikasjonar og eigne fortrinn når dei skal sannsynleggjere ei etablering av nye oppgåver, tenester og funksjonar til fylket. Høg fagleg kvalitet og evne til å drifte regionale og nasjonale funksjonar må liggje i botnen for all nyetablering.
- I dei tilfella der vi snakkar om større, varsla utflyttings- eller nyetableringsprosessar, er det semje om at det ofte er verdifullt å kople politisk leiing tidleg på prosessane.

¹⁰ Teamet «delt lokalisering» og utfordringar med ei slik organisasjonsform er t.d. drøfta i DIFI-rapport 6/2012 «Lokalisering av statlige arbeidsplasser».

2.6 Framlegg om andre funksjonar, arbeidsplassar og utgreiingsområde

Faggruppa har, uavhengig av dei statlege fag- og kompetansemiljøa vi alt har, drøfta fleire fagområde der Sogn og Fjordane kan kome på banen og utvikle viktige nasjonale og regionale funksjonar.

- Faggruppa meiner for det første at det bør opprettast eit «Nasjonalt kompetansesenter for busetnad og integrering» i Sogn og Fjordane. Kommunane i fylket opplever at staten har behov for å utvikle ein overordna kompetanse og ein felles strategi på området. Ein slik kompetanse bør sjå mangfaldet av utfordringar som norske distrikt og regionar opplever. Kompetansesenteret vil medverke til at staten tydeleg får definert behov og utfordringar knytt til busetnad og integrering i sentra og distrikta i Noreg. Flora kommune har alt i dag etablert dette som eit eige satsingsområde, og kan vere eit aktuelt lokaliseringssenter for ein slik nasjonal funksjon.
- Faggruppa har også drøfta behovet for at Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) etablerer ein samordna strategisk kunnskap innanfor ein regional kontekst ut over kompetansen Fylkesmannen og DSB representerer i dag. Fylket har store geografiske avstandar, og erfaringa frå hendingar siste åra viser at det er viktig å ha størst muleg lokal og regional kunnskap når ulukker og katastrofar råkar. Faggruppa meiner potensialet for å utvikle ein samordna og koordinerande funksjon i fylket, som gjerne også kan styre ein større region under eitt, bør greiast nærare ut.
- Faggruppa meiner det bør arbeidast for ei snarleg etablering av eit større nasjonalt fengsel i Sogn og Fjordane. Kriminalomsorga opplever lange soningskøar, og det vert i dag kjøpt soningsplassar i utlandet for å ta unna ventelistene. Politidistriktet er i 2015 vedteke sentralisert, men dette grepet er ikkje til hinder for å utvikle kriminalomsorga nasjonalt gjennom ei nyetablering her i fylket.
- Faggruppa støttar framlegget om å flytte ut fleire funksjonar som i dag ligg Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) til Vestlandet. NVE har hovudkontor i Oslo med regionkontor i Førde. Region Vest omfattar Hordaland, Sogn og Fjordane, Sunnmøre og Romsdal. Ved regionkontoret i Førde er det 21 tilsette. Vi meiner det er grunn til å arbeide målretta for å utvide porteføljen til denne fageininga.

2.7 Fylkesmannen – rolle og struktur

Faggruppa er kjend med at Kommunal- og moderniseringsdepartementet har starta eit arbeid for å greie ut framtidig struktur og storleik for fylkesmannsembeta. I mandatet for arbeidet heiter det at «struktur» skal avgrensast til ei drøfting omkring geografisk inndeling av embeta. Målsetjinga er å finne fram til eit grunnlag for å vurdere kva som er ein føremålstenleg struktur for oppgåveløysinga samtidig med at ein ny kommune- og regionstruktur vert avklara våren 2017. Utgangspunktet er at eventuelt færre og større kommunar opnar for å vurdere korleis Fylkesmannen kan innrettast geografisk, sjølv om kommune-reforma ikkje vert definert som ei «geografireform». Kommunereforma vert frå regjeringa si side sett på som eit hovudtiltak i styrkinga av lokaldemokratiet, og det er ei viktig målsetjing at stat og kommune skal fungere betre saman. Den statlege detaljstyringa skal reduserast, og i lys av dette skal utgreiingsarbeidet medverke til betre kunnskap om relasjon og samhandling mellom Fylkesmannen og kommunal sektor.

Fylkesmannen er eit verktøy for regjeringa i iverksettinga av nasjonal sektorpolitikk på ulike område. Kommunal- og moderniseringsdepartementet er oppteken av at ein ny struktur og ev. nye verkemidlar skal medverke til at Fylkesmannen i større grad utøver samordningsrolla som embetet har på vegne av resten av den regionale staten overfor kommunane. Erfaringane frå forsøket med Fylkesmannen som samordnar av motsegner mot kommunane er relevante i denne samanhengen. Dette skal også sjåast i samanheng med aktuelle tiltak for eit koordinert og effektivt statleg tilsyn med kommunane.

Faggruppa registrerer at KMD varslar at det kan skje justeringar i Fylkesmannen si oppgåveportefølje som følge av overføring av oppgåver til kommunane og det regionale folkevalde nivået. Faggruppa meiner elles det kan vere tenleg å sjå Fylkesmannen sin struktur i samanheng med endringar i geografisk inndeling for andre statlege verksemdar som har betydning for Fylkesmannen sin samordningsfunksjon (t.d. politireforma), noko utgreiingsmandatet også signaliserer. Utgreiinga må sjå nærare på embeta sin struktur, ikkje berre på bakgrunn av endringar i kommune- og fylkeskommunegrensene, men også i lys av ev. endringar i Fylkesmannen si rolle, hovudfunksjonar og oppgåver overfor kommunane, endringar i oppgåvefordelinga generelt, samt endringar innanfor andre statlege sektorar.

Mandatet held fram at Fylkesmannen sine fem hovudfunksjonar, m.a. beskrivne i rettleiaren «Fylkesmannsrollen. Utvikling og utfordring», er ein premiss for utgreiinga. Fylkesmannen er regjeringa sin fremste representant i fylka, og skal på vegne av regjeringa sjå til at stortingsvedtak og regjeringsvedtak vert gjennomførde. Fylkesmannen utfører oppgåver for 12 departement og 9 fagdirektorat. Administrasjonen til fylkesmannsembeta har oppgåver knytte til tilsyn innanfor mellom anna miljøvern gjennom fylkesmannen si miljøvernavdeling, landbruk gjennom fylkesmannen si landbruksavdeling og barne- og familievern gjennom helse- og sosialfaglege avdelingar. Fylkesmannen kontrollerer kommunale budsjett og låneopptak, og skal vidare handsame klager på kommunale vedtak.

Fylkesmannen har i hovudsak ansvar for oppgåver knytte til:

- Helse- og sosialområdet
- Kommunal forvaltning
- Samfunnstryggleik
- Miljøvern
- Barn og familie
- Utdanning og barnehage
- Landbruk

Det er inga eiga lov om Fylkesmannen, men institusjonen byggjer på ein lang konstitusjonell praksis som strekkjer seg attende til 1685. Noverande oppdrag slær fast at fylkesmannsembeta primært skal bestå av forvaltningssektorar som har oppfølgingsoppgåver overfor kommunane. Den heilskaplege oppfølginga av kommunane som fylkesmannsinstruksen føreset skal understøtte det lokale sjølvstyret.

Fylkesmannen sine roller og oppgåver kan delast inn slik, jf. «Fylkesmannsrollen. Utvikling og utfordring»:

- **Sektormyndigheit:** Fylkesmannen er sektormyndigheit på viktige politikkområde, og er staten sin representant i fylket på vegne av departement og fagdirektorat. Som sektormyndigheit har Fylkesmannen oppgåver knytte til både tilsyn, rettleiing og rådgjeving.
- **Regional samordningsmyndigheit:** I denne rolla ligg det ei forventning om samarbeid og samordning mellom aktivitetane som staten driv inn mot kommunane.
- **Rettstryggleiksmyndigheit:** Fylkesmannen er klageinstans overfor vedtak som vert gjort i kommunalforvaltninga og tilsynsmyndigheit på velferdsområde som kommunane forvaltar.
- **Initiativrolle:** Med utgangspunkt i rolla som regjeringa sin representant, skal Fylkesmannen arbeide til beste for fylket og ev. ta initiativ på område som treng særleg merksemd.
- **Informasjonsknutepunkt:** Fylkesmannen skal halde sentrale styremakter orienterte om viktige spørsmål og hendingar i fylket, og formidle informasjon til kommunale, fylkeskommunale og regionale statlege verksemdar om tilhøve som har samanheng med deira verksemd.

Faggruppa slær i del 1 i denne rapporten fast at kommunereforma skal vere ei demokratireform, og at gruppa prinsipielt ønskjer at det vert flytta makt og ansvar til det lokale og regionale folkevalde nivået i forvaltninga. I lys av denne målsetjinga meiner faggruppa at utgangspunktet bør vere at alle oppgåver som ikkje er tilsyns-, klage-, kontroll- og beredskapsoppgåver bør liggje til eit folkevalt nivå. Dette er i samsvar med KS-hovudstyret sitt vedtak 12.12.2014, *Plattform for regionalt folkestyre*, og fleirtalet i Stortinget, jf. Innstilling 333 S (2014-2015).

Eit tydeleg skilje mellom tilsyn/klage/kontroll og andre oppgåver vil medføre at utviklingsoppgåver, tenesteproduksjon, forvaltningsoppgåver og rettleiing i hovudsak vert ivaretekne av kommunane eller det regionale folkevalde nivået, avhengig av oppgåvene sine krav til innbyggjargrunnlag og funksjonalitet. Statleg detaljstyring vil så langt råd er erstattast av eit lokalt og regionalt folkestyre som sikrar at forvaltningsoppgåver, tenesteutvikling og lokalsamfunnsutvikling skjer på innbyggjarane sine premisser og på lågast mulege forvaltningsnivå.

Faggruppa meiner at dersom evalueringa av fylkesmannsembetet nasjonalt kjem fram til at også fylkesmannsembete bør slåast saman i ein ny regional struktur, bør Fylkesmannen i Sogn og Fjordane få i oppgåve å leie ei ny regional tilsyns-, klage-, kontroll- og beredskapseining for Vestlandfylka.

Faggruppa ser fleire argument for dette:

- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ligg i front nasjonalt på å ta i bruk IKT, digitalisering og nye arbeidsformer, og har også i dag ei organisering som inneber delt lokalisering. Dette kompensere for eventuelle ulemper som følgjer av større geografisk avstand mellom embetet og kommunane.
- Andre parallelle statlege sektorreformer, som t.d. politireforma, er gjennomført ved at Sogn og Fjordane har mista regionfunksjonar. Sjølv om ein t.d. etablerer dei nye fylkesmannsembeta innanfor dei same geografiske grensene som ein har nytta for inndelinga i nye politidistrikt, kan nye regionalstatlege einingar leiast frå andre stader i regionen.

3. Utflytting og etablering av statlege arbeidsplassar i distrikta

Sentrumspartia sitt forslag om å greie ut kva for eksisterande og nye statlege arbeidsplassar som kan flyttast frå storbyane til distrikta har tilslutning frå regjeringa. Dette skal vurderast i samband med at kommunane gjennom kommune- og regionreforma skal få tilført oppgåver frå stat og fylkeskommunar (Nationen, 03.06.2015).

3.1 Generelle signal

I mai 2015 varsla regjeringa at Pasientskadenemnda og eit nytt klageorgan for helsetenestene med til saman hundre statlege arbeidsplassar vert flytte frå Oslo til Bergen. Eit viktig argument for utflyttinga er at det ikkje berre er det sentrale austlandsområdet som skal nyte godt av veksten i statleg sektor og utflyttingar av funksjonar frå hovudstaden. Det vert understreka at regionsentra i heile landet skal få tilført statlege oppgåver, og at det særleg ligg til rette for å skape vekst der det er sterke fag- og kompetansmiljø frå før. Litt av poenget er å styrke vekstkrafta i alle regionar og særleg bygge opp under eksisterande kompetansmiljø.

Regjeringa varsla då at det ikkje berre er storbyane som skal få overført statlege arbeidsplasser, men at også regionsentra i heile landet skal få tilført nye funksjonar¹¹. Målsettinga er å skape vekst der det er sterke kompetansmiljø frå før. Noreg fekk nesten 3000 nye statlege arbeidsplasser frå mars 2013 til mars 2014. 1300 av desse vart oppretta i Oslo. Faggruppa er kjend med at regjeringa, etter påtrykk frå m.a. KrF og Venstre, vurderer å flytte ut mellom anna Statens landbruksforvaltning og Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) til Vestlandet og Nord-Noreg. Dette vil plassere funksjonane nærare dei faktiske utfordringane norsk landbruk står overfor i dag (Staten landbruksforvaltning), og like eins nærare dei mest ras-utsette og sårbare områda (NVE).

Boks 3.1 Statlege arbeidsplassar – fakta og utviklingstrekk

- Frå mars 2013 til mars 2014 voks talet på statlege arbeidsplassar i Noreg med 2989.
- 1.300 av dei nye arbeidsplassane vart etablerte i Oslo.
- Mange av dei nye arbeidsplassane kom innanfor høgskulesektoren.
- I 2003 vart den mest omfattande utflyttinga av statlege arbeidsplassar gjennomført. Arbeids- tilsynet, Konkurransetilsynet, Sjøfartsdirektoratet, Luftfartstilsynet, Medietilsynet, Post- og teletilsynet, Direktoratet for beredskap og samfunnstryggleik og Petroleumstilsynet flytta då ut av Oslo.

3.2 Den danske strukturreforma: – *Det går altså an!*

Kommunalreforma, også kalla strukturreforma, er ei større endring i det danske forvaltningssystemet. Reforma vart vedteken i 2005, og i 2007 vart 270 kommunar slegne saman eller vidareførte i ein modell med 98 kommunar. Den nye «idealkommunen» har, i følgje partia bak reforma, minst 30000 innbyggjarar. Samstundes med kommunesamanslåinga er 13 amt erstatta av fem nye regionar. Reforma innebar at alle amtsfunksjonar fall bort – også for København. Ved implementering av reforma vart det oppnemnt eigne

¹¹ <http://www.nationen.no/politikk/hayre-topper-vil-ha-ny-runde-med-utflytting-av-statlige-arbeidsplasser/>

statlege «oppmenn» som undersøker tvistesaker eller protestar i kommunane. Oppmennene kan føreslå lokale folkeavstemmingar eller initiere ulike tvangstiltak.

Kommunar som ville unngå samanslåing fekk ei mulegheit til å inngå vidtgående samarbeidsavtalar med ein eller fleire nabokommunar. Enkelte mindre øyer som ønskte å halde fram som separate kommunar inngjekk spesielle øy-samarbeidsavtalar.

Dei nordiske parallellane til fylkesmannen har det siste tiåret forsvunne frå forvaltninga i Danmark (amtmanden) og Finland (länshövdingen). Her har dei regionale statsforvaltningskontora ei avgrensa rolle knytt til legalitetskontroll, tilsyn og sivilrettslege saker.

I Danmark har ein konsekvent desentralisert oppgåver til kommunane i samband med kommunalreforma. Dette har i noka grad ført til ei «funksjonstøming» av det regionale nivået, både med omsyn til statleg og folkevalt nivå. Den danske regjeringa fekk 01.10.2015 tilslutning i Folketinget til å flytte ut om lag 3.900 statlege arbeidsplassar frå København til 38 andre byar, for å skape vekst og utvikling i distrikta. Dette er den største utflyttinga av statlege arbeidsplassar nokon gong, då meir enn kvar tiande relevante statlege arbeidsplass i hovudstaden vert flytt ut til dei andre fire regionane. Mellom anna vert Børnerådet, eit statleg råd som sikrar born og unge sine rettar, flytt til Billund. Statsminister Lars Løkke Rasmussen og regjeringa legg vekt på at motivasjonen for å gjere større forvaltningsmessige grep er eit ønske om å hindre at Danmark vert delt i ein del med utvikling og ein annan med avvikling.

Boks 3.2 Utflytting av statlege arbeidsplassar i Danmark.¹²

Den danske regjeringa fekk 01.10.2015 tilslutning i Folketinget til å flytte ut om lag 3.900 statlege arbeidsplassar frå København til 38 andre byar, for å skape vekst og utvikling i distrikta. Mellom anna vert *Børnerådet*, eit statleg råd som sikrar born og unge sine rettar, flytt til Billund. Statsminister Lars Løkke Rasmussen og regjeringa legg vekt på at motivasjonen for å gjere større forvaltningsmessige grep er eit ønske om å hindre at Danmark vert delt i ein del med *utvikling* og ein annan med *avvikling*.

Tolv byar får tilført meir enn 100 statlege arbeidsplassar:

- | | |
|-------------------|-----------------|
| - Næstved: 395 | - Aalborg: 219 |
| - Sønderborg: 392 | - Aarhus: 201 |
| - Odense: 286 | - Korsør: 190 |
| - Ringsted: 281 | - Holbæk: 119 |
| - Hjørring: 257 | - Slagelse: 121 |
| - Viborg: 248 | - Esbjerg: 105 |

Utflyttinga skjer gjennom ein kombinasjon av utflytting av 20 heile statlege institusjonar og flytting av deler av andre institusjonar. Heile institusjonar utgjer 1835 stillingar av dei 3899, og dei største institusjonane er *Udlændingestyrelsen* (375 stillingar), *Arbejdsskadestyrelsen* (325 stillingar), *Statens Administration* (294 stillingar) og *Søfartsstyrelsen* (190 stillingar).

¹² Sjå rapport for detaljar om reforma:

http://www.denoffentlige.dk/sites/default/files/suppliers/news/files/bedre_balance_-_statslige_arbejdsplasser_t_ttere_p_borgere_og_virksomheder_web.pdf

4. Faggruppa si tilråding

4.1 Tilråding i 10 punkt

Faggruppa har i dette arbeidet basert seg på generell informasjonsinnhenting og dokumentanalyser samt intervju med leiarar i regionale statlege etatar og institusjonar. Gruppa har m.a. undersøkt kvar det ligg føre konkrete idear, ønske og målsettingar om etablering av nye funksjonar og tenester. Vi har også etterspurt erfaringar knytt til rekruttering samt til organiseringsmodellar med såkalla «delt lokalisering».

Med utgangspunkt i kartlegginga ønskjer faggruppa å gjere politiske aktørar på kommunalt og fylkeskommunalt nivå merksame på noko av potensialet vi har for etablering av nye offentlege arbeidsplassar i fylket.

Faggruppa har følgjande ti tilrådingspunkt i høve til potensiale og utviklingsmulegheiter for nokre av dei sterke statlege fag- og kompetansemiljøa i Sogn og Fjordane:

1. Faggruppa rår til at det både på politisk og administrativ side i fylket er høg bevisstheit i høve konkrete vekst- og utviklingsinitiativ frå fag- og kompetansemiljøa i tida framover. Døma på konkrete initiativ som gjennom kartlegginga er synleggjort frå m.a. Helse Førde HF, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Vestlandsforsking og Distriktssenteret bør følgjast nærare opp.
2. Det bør opprettast eit «Nasjonalt kompetansesenter for busetnad og integrering» i Sogn og Fjordane. Kommunane opplever at staten har behov for ein overordna kompetanse og ein felles strategi på integreringsområdet. Senteret bør sjå mangfaldet av utfordringar som distrikt og regionar opplever, og medverke til at staten tydeleg får definert behov og utfordringar knytt til busetnad og integrering i sentra og distrikta i Noreg. Senteret må også finne fram til ei føremålstenleg og utfyllande arbeidsdeling mot Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi). Flora kommune har alt etablert dette som eit satsingsområde, og bør vere ein aktuell lokaliseringsstad for ein slik nasjonal funksjon.
3. Vi bør i Sogn og Fjordane arbeide for at Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap (DSB) utvidar sin strategiske kunnskap regionalt i tillegg til den kompetansen Fylkesmannen og DSB representerer i dag. Fylket har store geografiske avstandar. Erfaringa frå hendingar siste åra viser at lokal og regional kunnskap er avgjerande når ulukker og katastrofar råkar. Faggruppa meiner potensialet for å utvikle ein samordna og koordinerande funksjon i fylket, som gjerne også kan styre ein større region, bør greiast nærare ut.
4. Faggruppa meiner det bør arbeidast for ei snarleg etablering av eit større nasjonalt fengsel i Sogn og Fjordane. Kriminalomsorga opplever i periodar soningskøar, og det vert i dag kjøpt soningsplassar i utlandet for å ta unna ventelistene. Politidistriktet er i 2015 vedteke sentralisert. Dette grepet er ikkje til hinder for å utvikle kriminalomsorga nasjonalt gjennom ei nyetablering her i fylket.
5. Faggruppa støttar framlegget om å flytte ut fleire funksjonar som i dag ligg i Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) til Vestlandet. Regionkontoret i Førde opplever ein svært god rekrutteringssituasjon, m.a. på ingeniørsida, og fagmiljøet sit nært faktiske utfordringar knytt til skred- og flaumproblematikk slik at ein har utvikla nasjonal spisskompetanse på fleire område. Faggruppa meiner det bør arbeidast målretta for å utvide porteføljen til fageininga.
6. Leiinga ved statlege regionale etatar og verksemder bør primært fokusere på faglege kvalifikasjonar og eigne kompetansefortrinn når dei skal sannsynleggjere etablering av nye oppgåver, tenester og

funksjonar i fylket. Høg fagleg kvalitet og evne til å drifte regionale og nasjonale funksjonar må liggje i botnen for all nyetablering. I dei tilfella der vi snakkar om større, varsla utflyttings-/etableringsprosessar, vil det ha stor verdi å kople politisk leiing tidleg på desse prosessane.

7. I tillegg til å dokumentere høg fagleg kvalitet som grunnlag for nye eller utflytta statlege arbeidsplassar, bør ein særleg i det politiske arbeidet knytt til utflytting og etablering av statlege arbeidsplassar halde fram reelle argument som syner fylket sine fortrinn: Rimelege husleiger for offentlege verksemder, korte reiseavstandar, god reiseinfrastruktur med eit vel fungerande flyplassnett og utvikla vegsamband, gode oppvekstvilkår for born og unge der vi scorar høgast i landet på velferds- og utviklingsstatistikk samt ei rekkje naturgjevne fortrinn må konkretiserast og synleggjerast. Vi har etterspurde kvalitetar i samfunnet som ofte vert oversett i strategisk arbeid.
8. For å imøtekome etterspurde kvalitetar som følgje av større fagmiljø og mulegheiter for fagleg utvikling, er det viktig at kommunar og offentlege verksemder etablerer og synleggjer operative og effektive *fagnettverk*. Tett fagleg samarbeid og felles utviklingsmulegheiter for tilsette kan i stor grad bøte på at fagmiljøa i fylket (i mange tilfelle) er små kvar for seg.
9. Faggruppa rår til at det vert etablert eit regionalt samarbeidsforum på tvers av forvaltningsnivåa knytt til rekruttering og etablering av robuste fagmiljø. Slikt samarbeid mellom kommunar, regionnivået og regional stat har ein påvist effekt fleire stader. For å sikre den framtidige utviklinga innan offentlege arbeidsplassar er tilgangen på kvalifisert arbeidskraft avgjerande. Norske distriktkommunar står overfor monalege utfordringar i åra som kjem med tanke på å skaffe tilstrekkeleg arbeidstakarar med «rett» kompetanse. Innan 10 år vil norske kommunar mangle 15 000 arbeidstakarar innan helse- og omsorgssektoren og 16 000 allmennlærarar, jf. Distriktssenteret¹³. Statlege verksemder, kommunar og lokalt næringsliv viser at ei årsak til utfordringane er at ein i distrikta manglar store nok fagmiljø.
10. Faggruppa meiner at dersom evalueringa av fylkesmannsembetet nasjonalt kjem fram til at også fylkesmannsembeta bør slåast saman i ein ny regional struktur, bør Fylkesmannen i Sogn og Fjordane få i oppgåve å leie den nye regionale tilsyns-, klage-, kontroll- og beredskapseining for Vestlandsfylka. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ligg i front nasjonalt i høve å ta i bruk IKT, digitalisering og nye tverrfaglege arbeidsformer, og har i dag ei organisering som inneber delt lokalisering. Dette kompenserer for ev. ulemper som følgjer av større geografiske avstandar mellom embetet og kommunane. Andre parallelle statlege sektorreformer, som t.d. politireforma, er gjennomført ved at Sogn og Fjordane har mista regionfunksjonar. Sjølv om ein t.d. etablerer dei nye fylkesmannsembeta innanfor dei same geografiske grensene som ein har nytta for inndelinga i nye politidistrikt, kan den nye regionalstatlege eininga leiast frå ein annan stad i regionen.

Punkt 1–5 ovanfor rettar seg mot konkrete utviklingsområde og nye arbeidsplassar. Punkta 6–7 er faggruppa sine innspel til korleis statlege verksemder og politiske og administrative aktørar bør arbeide strategisk for nye arbeidsplassar. Punkt 8–9 rettar seg mot rekruttering og sikring av fagleg kompetent personell til fag- og kompetansmiljøa. Punkt 10 syner faggruppa sitt syn på korleis staten bør organisere ei ev. ny og større regional eining for tilsyns-, klage-, kontroll- og beredskapsarbeidet for Vestlandsfylka.

¹³ Distriktssenteret synte gjennom faggruppa si kartlegging til NORUT-rapport 6/2011.

4.2 Oversiktstabell: Stikkord, observasjoner og hovedfunn

Utvalde statlege fag- og kompetansemiljø sine tilbakemeldingar:

1. Rekruttering: Opplevd rekrutteringssituasjon i Sogn og Fjordane.
2. Initiativ: Oppgåver eller funksjonar organisasjonen sjølv har ambisjonar om å starte opp.
3. Reformkjennskap: Kjennskap til planar om oppretting eller utflytting av statlege arbeidsplassar.
4. Delt organisasjon: Erfaringar med å jobbe innanfor ein geografisk «delt organisasjon».
5. Strategi: Framgangsmåte i arbeidet med å tilføre fylket nye funksjonar og arbeidsplassar.

Tabell 2: Tilbakemeldingar frå statlege institusjonar og verksemder i Sogn og Fjordane

Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi)	Rekruttering: Gjennomgåande svært god rekruttering. Initiativ: Reformkjennskap: Delt organisasjon: Positive erfaringar. Krev stor reiseaktivitet for leing og tilsette. Strategi:
Høgskulen i Sogn og Fjordane (HISF)	Rekruttering: Gjennomgåande god rekruttering. Initiativ: Utviding av studie-/undervisningstilbodet gjev økonomisk utteljing. Reformkjennskap: Grunnleggjande diskusjonar om framtidig organisering/styring. Delt organisasjon: Gode erfaringar med delt lokalisering i fylket. Strategi: Fagleg fokus i utvidinga av studietilbodet (bachelor-/masterutdanning).
Lotteri- og stiftingstilsynet	Rekruttering: Strategi for å behalde nøkkelpersonell. Utfordring på leiarsida. Initiativ: God kontakt med departementa. På «tilbodssida» når nye tenester kjem. Reformkjennskap: Få varsla endringar og nyetableringar akkurat no. Delt organisasjon: Gode erfaringar med delt lokalisering Førde-Oslo. Strategi: Fagleg kvalitet/fokus, men kan vere avhengig av politisk engasjement.
Distriktssenteret	Rekruttering: Gjennomgåande god rekruttering. Avd. Sogndal kjem ofte best ut. Initiativ: Bygging av den nye kommunen – oppfølgingsarbeid kommunereforma. Reformkjennskap: Få varsla endringar og nyetableringar akkurat no. Delt organisasjon: Gode erf. med delt lokalisering Sogndal-Steinkjer-Alstadhaug. Strategi: Tett fagleg/administrativ kontakt med KMD.
NAV / NAV Økonomiteneste	Rekruttering: Gjennomgåande god rekruttering. Initiativ: Reformkjennskap: Få varsla endringar og nyetableringar akkurat no. Delt organisasjon: Strategi:
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)	Rekruttering: Gjennomgåande god rekruttering. Initiativ: Reformkjennskap: Grunnleggjande diskusjonar om framtidig organisering/styring. Delt organisasjon: Gode erfaringar m. delt lokalisering Førde-Oslo-andre regionar. Strategi: Fagleg kvalitet/fokus, men kan vere avhengig av politisk engasjement.
Statkraft Region Midt-Noreg	Rekruttering: Relativt låg turn-over. Strategi for å behalde nøkkelpersonell. Initiativ: Reformkjennskap: Få varsla endringar og nyetableringar akkurat no. Delt organisasjon: Gode erfaringar m. delt lokalisering Gaupne-Oslo. Strategi:
Helse Førde HF	Rekruttering: Eigne utdanningsløp for å sikre legar og spesialistkompetanse. Initiativ: Fleire nasjonale og regionale utviklingsprosjekt under planlegging.

	<p>Reformkjennskap: Grunnleggjande diskusjonar om framtidig organisering/styring. Delt organisasjon: Gode erfaringar med delt lokalisering i fylket. Strategi: Fagleg kvalitet/fokus, men kan vere avhengig av politisk engasjement.</p>
Innovasjon Noreg	<p>Rekruttering: Gjennomgåande god rekruttering. Initiativ: Reformkjennskap: Struktur- og eigarskapsmodell vert no gjennomgått. Delt organisasjon: Positiv erfaring både nasjonalt og innad i fylket med delt lokalisering. Strategi:</p>
Vestlandsforskning	<p>Rekruttering: Gjennomgåande god rekruttering. Initiativ: «Sogn og Fjordane som klimalaboratorium». Nasjonalt FoU-konsept. Reformkjennskap: Endringar på gang i Forskingsrådet og i høve til Regionalt Forskingsfond Vestlandet. Delt organisasjon: Prosjektsamarbeid med andre FoU-institutt er «normalen», så ein jobbar mykje i ei «virtuell samhandling». Nødvendig at dette fungerer godt. Strategi:</p>
Statens vegvesen Region vest	<p>Rekruttering: Gjennomgåande god rekruttering. Ein del eigenutdanna tilsette. Initiativ: Reformkjennskap: Ikkje konkrete, større endringar på gang. Delt organisasjon: Erfaringar med «ekstremvarianten» av delt lokalisering og delt leing etter regionreforma i 2003. Fokus på kulturbygging. Strategi: God gjennomføring av oppdraget fører til positiv merksemd, og utvidingar har kome som ein konsekvens av at fagmiljøet har utmerka seg.</p>

Vedlegg 1: Sogn og Fjordane sin del av statlege arbeidsplassar

Tabell 3: Sysselsette i statleg forvaltning (2013)

			I prosent av statleg forvaltning	I prosent av folketal	I prosent av alle sysselsette	Innbyggjarar (næraste tusen)
01	Østfold	10 573	3,7	3,7	8,9	288 000
02	Akershus	21 578	7,6	3,8	8,3	584 000
03	Oslo	69 122	24,4	11,1	15,4	646 000
04	Hedmark	10 520	3,7	5,4	12,2	195 000
05	Oppland	8 350	2,9	4,5	9,5	189 000
06	Buskerud	10 151	3,6	3,8	8,1	276 000
07	Vestfold	9 907	3,5	4,1	9,4	243 000
08	Telemark	6 985	2,5	4,1	9,1	172 000
09	Aust-Agder	4 438	1,6	3,9	9,1	115 000
10	Vest-Agder	7 739	2,7	4,4	8,8	181 000
11	Rogaland	16 853	5,9	3,7	6,8	466 000
12	Hordaland	28 615	10,1	5,7	11,1	512 000
13	Sogn og Fjordane	4 866	1,7	4,5	8,9	109 000
14	Møre og Romsdal	10 091	3,6	3,9	7,7	264 000
15	Sør-Trøndelag	23 637	8,3	7,8	14,6	309 000
16	Nord-Trøndelag	5 941	2,1	4,4	9,4	136 000
17	Nordland	14 503	5,1	6,1	12,5	242 000
18	Troms	15 092	5,3	9,4	18,2	164 000
19	Finnmark	4 606	1,6	6,2	12,2	76 000
20	Noreg	283 567	100,0	5,6	11,0	5 167 000

Tabellen syner korleis Sogn og Fjordane ligg an i høve sysselsetting i statleg forvaltning. Statsforvaltninga i Noreg sysselset i alt over 280 000 personar. Av desse finn vi om lag 4 800 i Sogn og Fjordane. Desse arbeider hovudsakleg innan undervisning, helse- og omsorg, samt i offentleg administrasjon.

Oslo/Akershus, samt storbyfylka Rogaland, Hordaland og Sør-Trøndelag har om lag halvparten av dei statlege arbeidsplassane. Nyttar vi lokaliseringa av statlege arbeidsplassar i prosent av folketalet, utgjer dette om lag 4,5% av folketalet i Sogn og Fjordane. Ser vi på lokaliseringa av statlege arbeidsplassar i prosent av alle sysselsette, har vi fem andre fylke bak oss på lista.

Vedlegg 2: Retningsliner for lokalisering av statlege arbeidsplassar

Nye retningsliner for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon (28.11.2014):
<https://www.regjeringen.no/nb/dokumenter/Retningslinjer-for-lokalisering-av-statlege-arbeidsplassar-og-statleg-tenesteproduksjon/id2342592/>



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Foto framside:

Dalsfjordsambandet: Birthe Johanne Finstad/Sogn og Fjordane fylkeskommune

Tannbehandling med laser: Sogn og Fjordane fylkeskommune

Nordfjord Folkemuseum: Sigrun Espe/Sogn og Fjordane fylkeskommune

Barn på bibliotek: Alexander Klanderud